


Vedteke på LOs 35. ordinære kongress 30. mai til 3. juni 2022.

# Uttaler

## 2022–2025





# **Uttaler**

Vedtekne på LOs 35. ordinære kongress 30. mai til 3. juni 2022

# Innhald

Pensjonspolitisk vedtak	3
Samferdselspolitisk uttale	17
Næringspolitisk uttale	21
Eit organisert og seriøst arbeidsliv	29
Uttale om ulikskap	32
Kampen mot ulikskap internasjonalt	35
Ein sterk offentleg sektor i heile landet	37
Palestina	41
Uttale om Ukraina: Avslutning av krigen – fred og nedrusting	43

# Pensjonspolitisk vedtak

## Betydninga pensjonen har for arbeidstakarane

Pensjonssystemet med basis i folketrygda skal vere ein berebjelke i velferdsstaten. LO har som mål at folketrygda, avtalefesta pensjon (AFP) og tenestepensjonsordningane saman skal sikre det økonomiske grunnlaget for ein trygg og verdig alderdom for alle. Siktemålet er at samla pensjon ved 67 års alder minst skal vere to tredelar av tidlegare lønn.

Pensjon er utsett lønn, og derfor må arbeidstakarorganisasjonane krevje auka innverknad på pensjonsordningane.

Om ein inkluderer pensjon i den fulle livsinntekta til arbeidstakaren, kan betydninga av denne fort svare til 20–30 prosent av totalen. Når pensjonen blir betalt og opptent som ein bestemt prosent av lønna, blir det samtidig meir rettkomme å sjå lønn og pensjon i samanheng.

Oppteninga av pensjonskapital eller pensjonsrettar kan gå for seg i heile livsløpet i aldersperioden 13–75 år. For dei fleste vil det vere mange arbeidsforhold gjennom yrkeslivet på vegen mot uttak av pensjon.

Den store betydninga pensjon har for arbeidstakarane, tilseier ein politikk som både sikrar tilstrekkelege oppteningsmoglegheiter i dei ulike pensjonsordningane, men også mest mogleg igjen for pengane den dagen utbetalingane skal komme frå dei ulike arbeidsforholda og dei ulike pensjonsleverandørane.

## LO og pensjonsreforma

Pensjonsreforma innførte prinsippet om levealdersjustering. Når pensjonsnivået etter kvart fell ved fast avgangsalder på grunn av aukande levealder, blir det anten kravd betre pensjonsopptening eller lengre yrkesliv for å halde ved lag målet om 66 prosent av tidlegare lønn i samla pensjon.

Det finst avgrensa informasjon om i kor stor grad arbeidstakarane held fram i arbeid for å kompensere for levealdersjusteringa. Dels har fleire årskull hittil vore skjerma etter avtalen om å endre privat AFP i 2008. Avgangsalderen steig betydeleg for dei første årgangane etter at pensjonsreforma blei innført frå 2011. Utviklinga i sysselsetjinga har sidan vore prega av både oljenedtur og pandemi. Det ser ut til at fleire no utset uttak av AFP og folketrygd. På den andre sida ser det ikkje ut til at avgangsalderen har halde fram med å stige.

Det er derfor grunn til å frykte at responsen på levealdersjusteringa blir for svak til å hindre eit fallande pensjonsnivå.

## AFP

AFP gjev eit betydeleg livsvarig påslag i alderspensjon og blir gjeven til arbeidstakarar som er tilsette i bedrifter med tariffavtale.

AFP-ordninga i privat sektor blei tilpassa til ny folketrygd frå 2011. Omlegginga var den store saka for LO-medlemmene ved tariffoppgjeret i 2008. Etter omlegginga er AFP framleis å rekne som ei tidlegpensjonsordning, da ho inngår i kvalifiseringa til tidleg avgang, og er såleis framleis eit alternativ til uføretrygd.

AFP-løysinga LO oppnådde i 2008 for privat sektor, innebar ei mjukare iverksetjing av levealdersjusteringa for både folketrygda og AFP-påslaget enn ei mekanisk praktisering av det vedtekne prinsippet skulle tilseie. Verknaden ble kompensert fullt ut for årskulla fødte før 1954. Kompensasjonen blir no fasa gradvis ut, påbegynt i 2015 for årskullet fødd i 1954.

AFP er ei ordning for det organiserte arbeidslivet og i hovudsak finansiert av partane gjennom lønnsoppgjera, med eit statleg bidrag på om lag éin tredel gjennom ein trepartsavtale. Ein må i ordninga i privat sektor vere tilsett og reell arbeidstakar ved uttak.

Statusen for privat AFP var slik ved utgangen av 2021:

- ✓ 104 365 personar får AFP, og talet aukar med om lag 10 000 personar årleg.
- ✓ Total forvalta kapital utgjorde 58 milliardar kroner. Avkastninga var på nesten 12 prosent i 2021.
- ✓ Dekningsgraden (fondsverdien dividert på forplikting) utgjorde 73 prosent. Det betyr at fondet dekkjer over 7 av 10 kroner av innvilga AFP-pensjonar.

Talet på føretak i ordninga er om lag 11 000, med 857 000 arbeidstakarar. Både talet på føretak og på arbeidstakarar har auka sidan 2018.

Litt over 50 prosent av arbeidstakarane i privat sektor får AFP (alle som jobbar i ei AFP-bedrift og kvalifiserer for uttak, berekna på uttakstidspunktet). Utbreiinga er størst i utvinning og industrien og i store bedrifter, med om lag 80 prosent oppslutning.

Ny AFP blei evaluert av partane i 2017. Denne gjev dei som kvalifiserer, eit betydeleg og verdifullt supplement til alderspensjonen frå folketrygda. Likevel er ordninga lite føreseieleg for mange og særleg for yngre arbeidstakarar. Svakheitene ved ordninga er særleg knytte til faren for å miste heile ytinga på slutten av yrkeslivet og at ordninga er dårleg tilpassa bedrifter med unge arbeidstakarar som ikkje forventar å stå i bedrifta når AFP-tilhøyrsele blir avgjord etter fylte 53 år. Partane blei derfor i 2018 einige om å greie ut ein alternativ AFP-modell. Denne utgreiinga låg føre våren 2021 og vil på eit seinare tidspunkt danne grunnlaget for forhandlingar om eventuelle endringar i AFP-ordninga.

### **Andelen «slitarar»**

Omsynet til dei som måtte slutte å jobbe ved 62 års alder, stod sentralt i debatten om pensjonsreforma. Det var desse den gamle AFP-ordninga særleg var utvikla for.

LO har derfor vore oppteken av korleis 62-åringar har tilpassa seg endringane i pensjonssystemet. Ein sentral indikator for «slitarutfordringa» er tilpassinga for 62-åringane. Samanliknbare tal for høvesvis 1943- og 1949-årgangen viste ein nedgang frå 31 til 13 prosent andel som hadde teke ut AFP utan å jobbe i løpet av det året dei fylte 62. Tidlegpensjonering (uttak og samtidig jobbslutt) synest altså slik sett meir enn halvert etter endringa av AFP-ordninga.

Talet som tek ut slitarordninga, gjev også ein indikasjon på dette. Slitarordninga som blei innført i 2019, gjev ei ekstra pensjonsyting til dei som ikkje kan stå vidare i arbeidslivet etter oppnådd minste pensjonsalder. Ordninga blei avtalt i lønnsoppgjeret i 2018 og gjeld for arbeidstakarar som sluttar å jobbe før dei fyller 65 år. Slitarordninga blir gjeven fullt ut til dei som tek henne ut frå fylte 62 år, to tredelar om ein tek henne ut det året ein fyller 63 år, og ein tredel frå det året ein fyller 64 år. Ordninga gjeld for dei som har fått innvilga AFP, og som ikkje har tent meir enn 7,1 G i gjennomsnitt dei siste tre åra før uttak. Dersom ein har ei inntekt over 15 000 kroner i året etter uttak, vil ein miste slitarordninga. Når ordninga er fullt innfasa i 2025, vil slitartillegget gje ei yting på 0,25 G ved avgang ved 62 år.


Det var om lag 5 prosent av 1957- og 1958-kulla som tok ut AFP og samtidig søkte og fekk slitartillegget det året dei fylte 62 år. Det indikerer at dei aller fleste som får AFP, jobbar vidare ut over 62 år.

NAV har ikkje funne at næringar der ein reknar med det er tungt fysisk arbeid, peiker seg ut ved at spesielt mange AFP-mottakarar sluttar i arbeid. Det er mange som tek ut AFP tidleg i industrien og innan bygg- og anleggsverksemd, men det er samtidig relativt få som sluttar i arbeid. Det er også indikasjonar på at uttak av AFP kombinert med jobbavgang også blir nytta i bedrifter som er prega av omstilling og nedbemanning, slik at tidleg avgang frå yrkeslivet også kjem an på konjunkturane.

### **Verknaden av levealdersjustering**

Alderspensjonen er blitt ei pensjonsbeholdning. Den årlege ytinga blir berekna ved å dele med delingstalet, som representerer kor mange år pensjonen er forventa å vare. Auken i forventa levealder har halde fram etter pensjonsreforma og har ført til at prognosane for delingstala for yngre årskull er ytterlegare oppjusterte. Dersom vi samanliknar auken i delingstalet ved 67 år frå 1943-kullet til 1983-kullet i dei nyaste prognosane frå NAV med veksten i delingstalet i NOU 2004: 1, ser vi at delingstalet no aukar med 40,8 prosent, mens den tilsvarande veksten i NOU 2004: 1 var på 22,7 prosent. Dette reduserer i vesentleg grad forventa pensjonsnivå, vurdert ut frå ein fast avgangsalder. Det betyr at ein må jobbe betydeleg lenger for å oppnå same pensjonsnivået enn det ein rekna med da pensjonsreforma opphavleg blei behandla.

## Figur Betydninga av levealdersjustering for pensjonsnivået over tid



Kilde ASD. Figuren viser kor mykje alderspensjonen i folketrygda blir redusert ved fast avgangstid 67 år. Dei som er fødte i slutten av 1960-åra, får 80 prosent av pensjonen til 1943-årgangen med gjeldande prognosar frå SSB.

For å få eit bilete av åtferda som er representativ for den gjennomsnittlege AFP-mottakaren, er det utvikla ein indikator som vi kan kalle midtre avgangsalder for arbeidsføre. Dei som går over til alderspensjon som uføre, er da trekte ut, slik at vi får eit bilete av når oppteninga blir avslutta og utbetalinga av pensjon tek til, med det vilkåret at ein startar uttaket samtidig som ein sluttar å jobbe.

Midtre avgangsalder målt på denne måten i *gammal AFP* (inntil 1947) var om lag 64 år.

Ny AFP gjorde det mogleg for 1949-årgangen å ta ut AFP utan å slutte i jobb. Det har medført utsett avgang for den «midtre personen» med nesten to år samanlikna med åtferda to årgangar før. Først ved fylte 65,7 år har altså halvparten slutta i 1949-årgangen. 23 prosent har arbeid etter fylte 67 år. For dei seinare årgangane fram til 1953 har avgangsalderen falle noko.

### Verknader av pensjonsreforma

Pensjonsreforma har verka etter hovudhensikta si: Ho har stimulert sterkare til å jobbe lenger enn pensjonsordningane gjorde før 2011. Det har medverka til å tryggje den økonomiske berekrafta i folketrygda som det dominerande elementet for pensjonane til arbeidstakarane, og det bidreg til å redusere den økonomiske risikoen for kommande



generasjonar. Reforma har også vidareført eit finansierings- og oppteningssystem med sterk utjamningsverknad mellom høge og låge årslønner og mellom kvinner og menn.

Men reforma har også medført at ulikskapane i pensjon vil vekse, fordi moglegheita til lange yrkeskarrierar varierer med yrkesløp, helsa til den enkelte og ikkje minst situasjonen i arbeidsmarknaden. Den sosiale berekrafta er under press. Betydninga av lang yrkeskarriere blir gradvis styrkt gjennom alleårsregelen fram til 1963-årgangen. Premieringa av seint pensjonsuttak blir enda sterkare og kjem raskare.

Det viktigaste utslaget er at pensjonsnivået (pensjon i forhold til tidlegare lønn ved fast avgangsalder) årleg blir nedjustert med aukande levealder i befolkninga (levealdersjusteringa). Særleg dei som ikkje kan forlengje yrkesløpet, har dermed utsikt til å få ei pensjonsdekning som ikkje kan forsvarast i eit solidarisk samfunn. Det er behov for eigne ordningar retta mot denne gruppa. Talet er blitt redusert, men oljenedturen frå 2015 har vist at fleire blir utsette i nedgangstider og når nedbemanningar rammar.

Det daverande stortingsfleirtalet innførte også full levealdersjustering på uføretrygda sin alderspensjon for uføre fødte frå 1954, slik at dei ikkje får nokon kompensasjon for kravet om stadig lengre yrkesdeltaking. Dagens regjering har i Hurdalsplattforma lova at ho på ny vil innføre skjermingstillegget for uføre, slik at dei blir skjerma for delar av levealdersjusteringa.

Det har blitt færre uføre over 62 år sidan innføring av pensjonsreforma. Omlegginga av AFP har bidrege til dette. Ei anna årsak er at fleire som ikkje har hatt AFP, har kunna ta ut tidlegpensjon.

Andelen deltidsarbeidande har over tid gått ned i norsk arbeidsliv, men framleis er det mange arbeidstakarar – hovudsakleg kvinner – som ikkje arbeider heiltid. Deltidsarbeid svekkjer moglegheitene den enkelte har til å forsørgje seg sjølv, både som yrkesaktiv og som pensjonist.

Problemet med tap av retten til tidleguttak som følgje av deltidsarbeid og låg opptening har blitt noko redusert. Terskelen har likevel blitt heva i det siste som følgje av justeringane stortingsfleirtalet gjorde av minstepensjonen utan samtidig å påskjøne låg pensjonsopptening tilsvarande.

### **Utfordringane med dei enkelte ordningane**

Pensjonen vil for dei fleste bestå av ein kombinasjon av

- alderspensjonen i folketrygda
- tenestepensjonar ein har hatt gjennom ulike arbeidsforhold
- AFP



Figuren viser det typiske biletet av pensjon etter eit langt arbeidsliv. Alderspensjonen frå folketrygda er den som har mest å seie for folk med normale lønnsinntekter. Dei fleste vil ha bidrag frå fleire av systema – nokre berre frå folketrygda og OTP.

For den enkelte er det viktigaste kva den samla pensjonen blir, og at han er mest mogleg oversiktleg og føreseieleg. Måla LO har for pensjonsnivå, er knytte til summen av dei tre. Men vi må også leggje vekt på utfordringane med kvar enkelt ordning. Det har blitt vanskelegare for den enkelte å få innsikt i den framtidige pensjonen sin, med den store reforma av folketrygda, tilpassinga av AFP og eit svekt, oppstykkja og meir uføreseieleg system for tenestepensjon med varierende kvalitet. Det betyr ekstra uvisse for

spareavgjerder og planlegging av yrkes- og livsløp.

#### a) Alderspensjon i folketrygda (FT)

I tillegg til den økonomiske betydninga har folketrygda den store fordelen samanlikna med andre pensjonsordningar

- at ein kan skifte jobb heilt utan problem
- at all arbeidsinntekt (under 7,1 G) er pensjonsgjevande, uavhengig av arbeidstid og typen arbeidsforhold

Stortinget vedtok ei reform med utgangspunkt i nivået i den gamle folketrygdordninga: tilsvarande rundt 50 prosent av tidlegare lønn for full opptening på ei industriarbeidarlønn.

Samtidig blei alder for pensjonsuttak strekt ut til heile aldersspennet 62–75 år. Prinsippa inneber sterk premiering av lang yrkeskarriere og – enda meir – sein uttaksalder. Samtidig kan pensjon og lønn kombinerast uavhengig av kvarandre.

Måten dette er innretta på aktualiserer særleg to problemstillingar:

- Pensjonsnivået mellom generasjonar når levealderen aukar
- Fordelinga mellom ulike yrkesgrupper, jf. pkt. 2 og 3

Det dominerande elementet i avgrensinga i utgiftsveksten på lang sikt er at auka levealder (for gjennomsnittet i befolkninga) skal slå ut anten i seinare pensjonsuttak eller i redusert pensjon. For staten skal dette innebere at pensjonsutgiftene vil bli dei same anten levealderen aukar eller ikkje. Og gjennom auka sysselsetjing, som reforma stimulerer til, vil statsfinansane bli sterkare også ved at skatteinntektene aukar.

Hovudproblemet er at levealdersutviklinga er blitt mykje sterkare enn føresett ved starten av reformarbeidet, og at sysselsetjingssituasjonen er påverka som følgje av finanskrisa,

oljenedtur, pandemi og den auka låglønnskurransen frå utlandet. Dette medfører at pensjonane blir lågare, og at statsfinansane blir dårlegare enn føresett.

Moglegheita til tidleguttak for alle har likevel auka pensjonsutgiftene og skapt fleire alderspensjonistar som samtidig jobbar. Dette har auka inntektsnivået i aldersgruppa 62–67 år. Hittil er det underregulering av løpande pensjonar som har gjeve innsparingar i folketrygda. Pensjonistane har i seinare år tapt på regelen om fråtrekk på 0,75 prosent i forhold til lønnsregulering. Intensjonen om at alderspensjonistar skulle få del i reallønnsveksten, har dermed ikkje blitt innfridd. LO og Pensjonistforbundet har no fått gjennomslag for kravet om at pensjonar under uttak skal regulerast med gjennomsnitt av pris og lønn, og det er innført etterregulering som har bidrege betydeleg til å heve pensjonsnivået.

## **b) Det som er avtalefesta – AFP**

### *Privat AFP*

AFP-ordninga i privat sektor er bygd opp nær folketrygda og har dei same gode eigenskapane knytte til administrativ effektivitet, at all arbeidsinntekt tel og er uproblematisk ved jobbskifte så lenge det skjer innan avtaledekt privat sektor. AFP gjev eit tillegg til folketrygda på 20–25 prosent. Med ei folketrygd på 260 000 kroner gjev AFP eit livsvarig tillegg på 55 000 årleg. Over eit livsløp kan dette gje ei samla utbetaling på 1–1,5 millionar kroner.

AFP-ordninga bidreg til at fleire kvalifiserer for tidleguttak av folketrygda. Kravet for å kunne ta ut full folketrygd frå 62 år er at ein har tilstrekkeleg opptening, noko mange ikkje ville greidd utan AFP. Samtidig som AFP gjev eit livsvarig tillegg til folketrygda, sikrar ordninga at langt fleire av dei som har behov for å gå av tidleg, får anledning til det.

Eit regelverk for kvalifisering som stiller krav til at ein jobbar i ei AFP-bedrift på slutten av karrieren, bidreg til å finansiere ordninga og førebyggjer gratisspassasjerverksemd. Samtidig medfører reglane også risiko for å falle utanfor ordninga av grunnar som den enkelte vanskeleg kan kontrollere, som at bedrifta omstiller og omorganiserer, eller at den enkelte mistar jobben i ei AFP-bedrift.

Partane avtalte i 2018 at det skulle vere ei målsetjing å endre ordninga i privat sektor. Måla for ein ny modell er blant anna at det skal bli ei yting som er knytt til tid i AFP-bedrift, og som med full opptening i ordninga er på linje med nivået i dag. Ho skal vere økonomisk solid over tid, fungere som del av eit heilskapleg pensjonssystem og bidra til å fremje mobilitet. Ordninga skal framleis vere kjønnsnøytral. Målet er at langt færre uforskyldde mistar ytinga sjølv etter mange år i ei AFP-bedrift. AFP vil dermed bli meir føreseieleg og gje større tryggleik for framtidig pensjon.

Ei felles utgreiing frå LO og NHO om ei mogleg reformert AFP-ordning i privat sektor blei lagd fram i mai 2021.

I ordninga i dag er det berre frå ein er 53 år til 62 år at medlemskapen i ordninga har verdi, men heller ikkje desse har nokon garanti for å få del i ordninga. Nokre vil falle ut etter mange år i bedrift med avtale dersom dei mot slutten av yrkeslivet blir ramma av oppseiing, omorganiseringar eller langvarig sjukdom. Yngre som skiftar til ein jobb utan

ordninga, får ikkje utteljing for yrkeshistoria i ordninga i dag. Nokre arbeidsgjevarar bruker dette som argument mot å inngå tariffavtale.

For å tette hòla og byggje opp om den framtidige tariffavtaledekninga er det nødvendig å få på plass ein betre AFP i tråd med protokollen frå 2018-oppgjeret. Erfaringane så langt inneber at endringar i AFP i privat sektor må forhandlast i eit samordna hovudoppgjer mellom LO og NHO. Berre slik vil nødvendig økonomi og regelendringar komme på plass. Myndigheitene må involverast i tråd med Hurdalsplattforma. Ein ny privat AFP må avtalast i inneverande stortingsperiode.

### *Offentleg tenestepensjon og offentleg AFP*

Offentleg sektor forhandla fram ein avtale om ny tenestepensjon i 2018. Denne fekk verknad frå 2020 for alle som er fødte frå 1963. Alle som er fødte før 1963, har behalde den gamle ordninga. Både ny og gammal ordning gjev ei livsvarig yting og er kjønnsnøytral. Gammal AFP i offentleg sektor er ei tidlegpensjonsordning som berre blir gjeven til dei som sluttar heilt eller delvis i jobb mellom 62 til 67 år.

Avtalen om ny offentleg tenestepensjon frå mars 2018 slår fast at AFP for tilsette i offentleg sektor skal leggjast om frå ei tidlegpensjonsordning til ei livsvarig påslagsordning som kjem i tillegg til folketrygda. Den avtalte AFP-ordninga i offentleg sektor er utforma etter mønster av den AFP-ordninga vi har i dag i privat sektor.

Det blir føresett at det blir etablert system for medrekning av kvalifikasjonstid og refusjonar mellom AFP-ordningane i offentleg og privat sektor, slik at kvalifikasjonstid frå privat sektor kan medreknast i offentleg sektor, og omvendt.

### **c) Tenestepensjonane**

I privat sektor er tenestepensjonane forankra i lov om obligatorisk tenestepensjon (OTP) og i tre alternative tenestepensjonslover, som spesifiserer vilkåra å få skattefrådrag for innskott eller premie. Det blir skilt mellom innskotts- og yttingsordningar og hybridar, som er ein mellomting. Felles for lovene er at dei ikkje gjev frådrag for lønn over 12 G. OTP-lova inneber at dei fleste arbeidsgjevarar i privat sektor er pliktige å innbetale minst 2 prosent av lønna til dei tilsette til ein pensjonsavtale.

For dei aller fleste er dette ei innskotsbasert ordning, der bedrifta betaler inn eit avtalt innskott til ein pensjonsforvaltar. Samla pensjonskapital, det vil seie innskott og avkastning, blir utbetalt som alderspensjon. Den tilsette vel sjølv når utbetalinga av pensjon skal starte, men tidlegast frå fylte 62 år. Den tilsette vel også kor mange år pensjonen skal utbetalast over. Minste utbetalingstid er 10 år, og pensjonen må minimum utbetalast fram til den tilsette fyller 77 år. Uteståande beløp blir overført til etterlatne. Same ordninga femner om alle hos bedrifta.

Etter at OTP no blir gjeven frå første krone og første dag, er det viktigaste skiljet mellom OTP og folketrygda at pensjonen ikkje er livsvarig, og at avkastninga er marknadsbestemt og med full tapsrisiko for den enkelte.

Tenestepensjonane i privat sektor er ofte ikkje ein del av tariffavtalen, men noko arbeidsgjevar einsidig bestemmer. Dermed er avtalefesta pensjon (AFP) ofte den einaste

pensjonsordninga som er tariffesta. Nokre arbeidsgjevarar vegrar seg for å inngå ein tariffavtale fordi AFP representerer auka kostnader. I motsetning til AFP må kostnadene ved OTP dekkjast av alle bedrifter i privat sektor, ikkje berre av dei som er bundne av tariffavtalar. Mange bedrifter betaler for ytingar ut over minstenivået. AFP-ordninga er i si noverande form for lite føreseieleg til å kunne leggjast til grunn som ei tilleggsyting. LO har kjempa for å styrkje både minstekrava i OTP og samtidig reformere AFP-ordninga.

Sidan kongressen i 2017 er det gjort fleire endringar i tenestepensjonslovgjevinga i privat sektor.

Frå 1. januar 2021 fekk arbeidstakarar i privat sektor rett til å samle pensjonsoppteninga si frå innskotspensjonsordningar på ein eigen pensjonskonto. Pensjonsopptening frå tidlegare arbeidsforhold skal no samlast og forvaltast saman med pensjonskapitalen arbeidstakaren tener opp i det noverande arbeidsforholdet. Utgangspunktet i lova er at pensjonskapitalen skal samlast hos arbeidsgjevaren, og at denne ikkje betaler for oppspart kapital (pensjonskapitalbevis). Eigen pensjonskonto gjeld førebels berre for innskotspensjon, og LO meiner at det også skal opprettast ein eigen pensjonskonto for hybridpensjon.

LO har, gjennom LO favør, oppretta ei ordning for medlemmene der dei gjennom å velje denne kan få lågare gebyr for same risiko og dermed meir pensjon for pengane.

Den raud-grøne regjeringa innførte 1. januar 2022 nye reglar som gjev opptening til tenestepensjon frå første krone og første dag for alle tilsette som er fylte 13 år og har rapporteringspliktig lønn. Det skal ikkje lenger kunne trekkjast frå for beløp under eit grunnbeløp (106 399 kroner 1. mai 2021) eller for opptening under eitt år.

- Pensjonsordninga omfattar no alle arbeidstakarar i føretaket som har fylt 13 år, mot tidlegare 20 år.
- Ein arbeidstakar som blir tilsett av verksemda, skal meldast inn når arbeidstakaren har fått samla lønn frå føretaket med eit beløp som svarer til rapporteringspliktig lønn i a-meldinga. For ordinære verksemder er beløpsgrensa 1000 kroner.
- Opptent pensjon for arbeidstakar i deltidstilling skal utgjere ein forholdsmessig del av den pensjonen som ville vore opptent dersom arbeidstakaren hadde hatt fulltidstilling.
- Regelverket som tidlegare gjaldt sesongtilsette, er fjerna. Det vil seie at alle sesongtilsette skal behandlast som deltidstilsette.

#### *Høl som må tettast i tenestepensjonane i privat sektor*

Trass forbetringane som er komne dei seinare åra, er systemet for tenestepensjon framleis oppstykkja og unødig komplisert.

Tenestepensjonane i privat sektor er regulerte i fleire lover. Dette gjer det vanskeleg å orientere seg både for arbeidsgjevarar og tilsette.

Det er i dag nærmast umogleg for arbeidstakarar å få oversikt over og føre kontroll med premieinnbetalingane arbeidsgjevar gjer. Reglane for utrekning av grunnlag for innbetaling må forenklast. All lønn inntil 12 G må danne grunnlaget. Moglegheita arbeidsgjevar har til å sjå vekk frå varierende eller mellombelse tillegg og overtid, må fjernast. Grunnlaget og innbetalingane må komme klart fram på lønsslippen til arbeidstakar.

Permitterte arbeidstakarar skal framleis stå i ordninga, og arbeidsgjevar skal innbetale som om den permitterte var i arbeid.

I dag er alle i offentleg sektor dekte av uførepensjon, mens berre eit mindretal av dei som har private tenestepensjon, har ei slik dekning. LO meiner at det bør innførast uførepensjon i obligatorisk tenestepensjon, slik at alle får eit tillegg til den offentlege uføretrygda.

LO meiner det er behov for å gå gjennom lovverket i privat tenestepensjon og vurdere dei fordelingsmessige eigenskapane til tenestepensjonane. Det bør lagast ei felles lov for innskotspensjons- og hybridordningar, noko som vil gjere det mogleg å etablere fellesordningar også for desse. Per i dag er det berre ytingspensjonar som kan organiserast på denne måten. Dette har vore stilt som krav i forhandlingar innan fleire avtaleområde allereie, men vore umogleg på grunn av regelverket i dag.

Dette vil gje ei forenkling, og det vil kunne opne nokre nye kombinasjonsmoglegheiter for bedrifter og for partane i forhandlingar.

Fellesordningar vil på ein god måte kunne vareta både aldersnøytralitet og kjønnsnøytralitet. I tillegg vil det kunne gje reduserte kostnader ved både forvaltning og administrasjon og gje dei tilsette moglegheiter til auka innverknad på forvaltninga og investeringane av pensjonsmidlane. Gjennom ei slik pensjonsordning vil det vere ei moglegheit for berekning av gjennomsnittspremie for heile fellesordninga. Det vil også vere moglegheit for felles kapitalforvaltning for heile ordninga, der partane kan påverke investeringssamansetjinga. Det kan oppnåast stordriftsfordelar på kostnadssida, for eksempel ved at porteføljen ikkje blir trappa automatisk ned mot pensjonsalder, men der heile kapitalen blir forvalta likt utan særskild risiko for den enkelte.

### *Fripolisar*

Tenestepensjonane som er i dag, kjem i aukande grad frå fripolisar, som det ikkje blir innbetalt pengar til for å sikre realverdien. Dei fell reelt i verdi. Ingen vil ta imot eller forvalte fripolisar – dei er forlatne og svikta av marknaden.

LO og Pensjonistforbundet har sett søkjelys på den dårlege behandlinga av fripolisane, som ikkje har fått tilført avkastning. Det er foreslått nokre regelendringar. Dei kan bidra noko til auka avkastning, men langt frå tilstrekkeleg til å halde ved lag kjøpekrafta.

Pensjonskassane har handtert den krevjande situasjonen langt betre. Desse er sjølvige og partsstyrte institusjonar som balanserer omsynet til alle partar, i motsetning til kommersielle livselskap som har målsetjing om fortjeneste til eigarane. I EØS-regelverket blir det skilt mellom pensjonskassar og kommersielle aktørar, der dei sistnemnde er strengare regulerte. Dei norske reguleringsreglane bør gjennomgåast for å sikre at midlane til pensjonistane blir forvalta på ein best mogleg måte.

### *Utbreiing*

Dei ytingsbaserte tenestepensjonane er i stor grad fasa ut i privat sektor, og i offentleg sektor er 1962-kullet det siste med opptening i ytingsordning. Dei er blitt avløyste av innskotsbaserte ordningar, som etter kvart er blitt heilt dominerande i privat sektor. Det er eit lite, men aukande innslag av hybridordningar, som kan gje livsvarige og kjønnsnøytrale

pensjonar. Endra offentleg tenestepensjon frå og med 1963-kullet baserer seg også på ei innskotsbasert opptening, men med framleis garantert regulering og livsvarigheit i utbetalingstida.

Ved utgangen av 2020 var det registrert 1 489 500 arbeidstakarar med innskotsordning og 56 600 forsikra med ytingsordning. I hybridpensjonsordningar etter lov om tenestepensjon, som først blei etablert i marknaden frå 2015, var det i underkant av 46 000 forsikra ved utgangen av 2020. Offentleg tenestepensjon omfattar om lag 900 000 arbeidstakarar.

Andelen arbeidstakarar med innskotspensjon er altså dominerande i privat sektor: I 2020 hadde 93,5 prosent innskotspensjon, 3,6 prosent ytingspensjon og 2,9 prosent hybridpensjon.

Trass i at innskotsordningane no har klart flest *yrkesaktive medlemmer*, er hovuddelen av *forsikringsforpliktingane (pensjonskapital)* framleis knytt til ytingsordningane. Den samla forsikringsforpliktinga for kollektiv pensjon i privat sektor var 768 milliardar kroner ved utgangen av 2020, av desse utgjorde innskotsbaserte ordningar 49 prosent.

*Av den samla forsikringsforpliktinga* utgjorde fripolisar (kapital i avslutta ytingspensjon) 346 milliardar kroner, aktive innskotsbaserte ordningar 223 milliardar kroner, pensjonskapitalbevis (avslutta innskotsordningar frå tidlegare arbeidsgjevar) 132 milliardar kroner, aktive ytingsbaserte ordningar 57 milliardar kroner, og forpliktingar etter tenestepensjonslova utgjorde 5 milliardar kroner til alderspensjon og 5 milliardar kroner til uførepensjon.

Når det gjeld *utbetalningar*, er ytingspensjonar framleis heilt dominerande. Andelen alderspensjonistar med utbetalt innskotspensjon var 17 prosent i 2020. Blant dei utbetalte ytingspensjonane blei 94 prosent utbetalte frå fripolisar, mens dei resterande 6 prosentane blei utbetalte frå ytingsordningar. I 2019 blei det utbetalt 15 milliardar kroner til pensjonsmottakarar. 87 prosent av dette var knytt til ytingsordningar eller fripolisar. Gjennomsnittleg utbetalt beløp i 2020 var høgare for ytingspensjon enn for innskotspensjon.

Dei fonderte offentlege tenestepensjonane hadde per 31. desember 2021 om lag 1000 milliardar kroner i forpliktingar. I tillegg kjem dei ufonderte forpliktingane i Statens pensjonskasse. Innskotspensjonar blei først oppretta frå 2001 og for alvor etter at lov om obligatorisk tenestepensjon, OTP-lova, tok til å gjelde frå 2006. Ordningar etter hybridlova er framleis få, men aukar raskt. I mange år framover vil det framleis vere utbetalningar frå ytingsordningar og fripolisar som dominerer biletet og pensjonsuttaket til folk.

### **Utsiktene framover**

Gjennom pensjonsreforma har myndighetene med medverknaden frå partane sikra ein meir økonomisk berekraftig pensjon. Folketrygda har dermed fått festa seg som den viktigaste brikka i alderspensjonen for norske arbeidstakarar.

Det er staten som har hovudansvaret for pensjonssystemet, sjølv om finansieringa kjem frå ulike kjelder. Staten bestemmer bidraget frå folketrygda, han bidreg med pengar og regelverk til AFP og er lovgjevar for tenestepensjonane.

Utsiktene for det sterkt veksande behovet til velferdsstaten og norsk økonomi elles tilseier ikkje nye store utteljingar over statsbudsjettet til pensjon.

Samtidig er det viktig å unngå at tilliten til offentlege pensjonsløysingar blir reduserte gjennom at den sosiale berekrafta blir svekt. I ein slik samanheng vil det vere nødvendig å finne gode og løysingar alle er einige om, som balanserer belastninga mellom generasjonane, samtidig som vi motverkar ein stor grad av privat pensjonssparing som er dyrt og aukar skilnadene i samfunnet.

Pensjonssystem krev eit langsiktig perspektiv på måten det blir innretta på, endringar og finansiering. All omlegging krev overgangsordningar der nokre element kan etablerast raskare enn andre. Styrkt finansiering i ei ordning må ofte skje gradvis gjennom årvisse budsjett og tariffoppgjær. Ein må ha planar både på kort og lang sikt.

Evalueringsutvalet som ser på pensjonsreforma og verknaden på folketrygda, skal levere rapporten sin i første halvår 2022. Mandatet deira er å sjå på den økonomiske og sosiale berekrafta i pensjonsreforma. LO vil delta aktivt i debatten som vil følgje av gjennomgangen frå utvalet.

Gjennom det vedtekne pensjonssystemet er det forholdet mellom levealdersutvikling og sysselsetjingsutviklinga som vil avgjere pensjonsnivået framover.

Sysselsetjingsutviklinga for seniorane har gjennom ein stor eingongseffekt av reforma motverka om lag halvparten av levealdersjusteringa. Den positive tendensen i sysselsetjingsutviklinga er likevel svekt, og det er stor spreiding i moglegheita for og den praktiske tilpassinga av yrkesløpet for arbeidstakarane. LO krev auka innsats for å leggje til rette for at folk skal kunne stå lenger i arbeid, og eit inkluderande arbeidsliv. Det krev ein langt større innsats frå myndigheitene og frå partane i arbeidslivet, der det blir lagt til rette for forlenget arbeidsliv, kompetanseutvikling og at det blir lettare for seniorane å søkje arbeid.

Dei vedtekne oppteningsmekanismane i folketrygda gjev mindre utteljing enn føresett ved reformarbeidet. Det kjem av ein kombinasjon av sterkare levealdersutvikling enn føresett, men også innsparing i den endelege utforminga av regelverket (overgangen til kapitalbeholdningsprinsippet).

Det forsterkande bidraget til pensjon som skjedde gjennom ny obligatorisk minsteordning (OTP) frå 2006 og innskot frå første krone frå 2022, trekkjer oppover for fleire hundretusen av arbeidstakarar som frå før har dårlegast nivå, men kan ikkje aleine kompensere for levealdersjusteringa. For mange andre kan bidraget frå tenestepensjonen svekkjast som følgje av omleggingar og utviklinga i marknaden for pensjonskapital.

Folketrygda og dermed AFP baserer seg på innmeld arbeidsinntekt uansett varigheit, tidspunkt og typen lønn. Dette prinsippet bør liggje til grunn for tenestepensjonane, slik at framtidig pensjon står i eit direkte forhold til samla arbeidsinntekt.

Det viktigaste grepet for arbeidet med den generelle nivåhevinga er å styrkje tryggleiken i AFP-ordninga gjennom den skisserte reforma. Dette vil også redusere terskelen for tidlegpensjon. Alle steg må takast i same retninga. Dette bør skje under aktiv medverknad frå lovgjevarar og arbeidsgjevarar, der ein fremjar eit meir samla og heilskapleg system.



Staten kan bidra til reforma gjennom å halde ved lag sin andel av finansieringa sjølv om samla utbetalingar aukar fordi fleire får del i ordninga.

Gjennom pensjonsreforma har myndigheitene med medverknad frå partane sikra berekrafta i folketrygda. Det er viktig at levealdersjusteringa ikkje forsterkar sosiale mishøve knytte til skilnader i levealder mellom ulike grupper i befolkninga. Slitarordninga som blei avtalt i 2018, har ikkje varig finansiering og må styrkjast for å gje ein verdig avgang til dei som ikkje kan jobbe lenger. For den opphavlege målgruppa for AFP blir det eit betydeleg negativt utslag i pensjonsnivå, særleg fram mot 1963-årgangen. Det same gjeld det store talet på uføre før AFP-alderen.

Sjølv med ein omfattande og vellykka innsats for inkludering og forlengt arbeidsliv må pensjonsnivåa hevast for grupper som ikkje kan kompensere for levealdersjusteringa.

LO vil at det blir sett i gang ei utgreiing om korleis pensjonen til slitarane kan styrkjast. Dette kan blant anna skje gjennom eit fast tillegg i folketrygda basert på talet på yrkesår, uavhengig av inntekt. Eit anna alternativ kan vere ei ordning i folketrygda som byggjer på prinsippa frå slitarordninga som blei etablert i forhandlingar mellom partane. Det kan også skje gjennom andre mekanismar i folketrygda for å vareta dei med lange yrkeskarrierar og som har behov for å gå av tidleg. I tillegg må det sjåast på korleis ordningar for slitarar i privat og offentleg tenestepensjon kan forsterkast.

Den nye tenestepensjonsordninga i offentleg sektor frå 2018 tok til å gjelde i 2020 for alle som er fødte frå 1963. Offentleg sektor vil innføre ei ny AFP-ordning for dei som fyller 62 år i 2025. Det står att eit arbeid med å få plass regelverk knytt til denne AFP-ordninga. Reglane knytte til overgang til alderspensjon for uførepensjonistar må vere klare i god tid før 2030. Samtidig hastar det med å få på plass nye reglar for særaldersgrenser for dei som skal ha ny offentleg tenestepensjon. I 2018 blei det avtalt at det skal forhandlast fram nye pensjonsreglar og samtidig avtalast kven som skal ha særaldersgrenser, og kva for aldersgrenser som skal gjelde i framtida. Det er no sett i gang ein prosess for å få dette på plass, og forhandlingane må landast i løpet av inneverande stortingsperiode.

LO vil arbeide for at personar som blir delvis uføre undervegs i karrieren, og som seinare får ein auka uføregrad, blir sikra ein betre alders- og uførepensjon enn det reglane gjev i dag.

Staten må ta eit samla grep for å sikre at den etablerte pensjonskapitalen i form av fripolisar og løpande ordningar kjem under trygg nok forvaltning og verditrygging. LO krev at myndigheitene tek eit aktivt ansvar for å rette opp svikten som særleg har ramma fripolisane, og i samråd med partane greier ut moglegheiter for å redde pensjonskapitalen og sikre kjøpekraft for dei løpande pensjonane.

## **Måla til LO**

Pensjonsoppteninga må styrkjast for alle. Målet om to tredelar må førast vidare for den representative arbeidstakaren ut frå faktisk avgangsalder og oppteningsgrunnlag. Det er eit mål for LO å betre pensjonsoppteninga til eit samla nivå for alle grupper på minst 25 prosent av inntekta. Dette svarer til det nivået det offentlege utvalet Banklovkommisjonen meinte ville gje tilstrekkeleg opptening gjennom ein kombinasjon av folketrygda, tenestepensjon og andre pensjonsytningar.

Det er staten som har hovudansvaret for pensjonssystemet som heilskap, sjølv om finansieringa kjem frå ulike kjelder. Staten bestemmer bidraget frå folketrygda, han bidreg med pengar og regelverk til AFP og er lovgjevar for tenestepensjonane. Nivåhevinga må skje gjennom eit spleiselag der både staten og partane i arbeidslivet bidreg.

For å sikre oppslutninga om eit organisert arbeidsliv må AFP til privat sektor førast vidare som avtalebestemt ordning og reformerast slik at fleire får AFP gjennom opptening i heile yrkeslivet. Ingen skal miste heile pensjonen på slutten, og han skal halde fram med å gje same ytinga for dei med lang opptening i AFP-bedrifter.

### **LO vil arbeide for**

- at samla pensjon skal gje ei inntektsdekning på minst to tredelar av lønna, og at samla opptening minst skal vere på 25 prosent av lønna gjennom heile yrkeslivet
- eit fellesfinansiert og fellesskapsstyrt pensjons- og trygdesystem der mottakarane har kontroll over yting og forvaltning gjennom demokratiske organ eller tariffavtale
- at målet blir oppnådd med livsvarige ytingar og kjønnsnøytrale premiar
- at dei som ikkje kan kompensere for levealdersjusteringa, blir sikra ein god pensjon

Dette må skje som eit samla resultat av ein best mogleg kombinasjon og samvirke mellom folketrygda, AFP og andre ordningar i arbeidsmarknaden. Det operative målet LO har for pensjonssystemet, må derfor vere ein kombinasjon av

- betre opptening i dei ulike ordningane
- eit meir heilskapleg og betre organisert kollektiv styrt system som også gjev «meir pensjon for pengane»
- avtalestyrte system i samvirke med folketrygda

Det er dette som saman med det overordna målet til fagrørsla om full sysselsetjing og eit likestilt arbeidsliv vil gje medlemmene trygge og gode pensjonar.

# Samferdselspolitisk uttale

Gode transportløyningar er ein føresetnad for høg sysselsetjing, god distriktsutvikling og verdiskaping. LO er spesielt oppteke av at transportpolitikken legg til rette for å utvikle trygge og gode arbeidsplassar med vekt på kvalitet og kompetanse og som varetek dei tilsette i transportsektoren. Ein heilskapleg samferdselspolitikk der alle transportformene blir sett i samanheng, må liggje til grunn for utviklinga av norsk samferdsel.

Delar av transportbransjen er prega av useriøsitet og sosial dumping og til dels alvorleg kriminalitet, både i lastebil- og varebilsegmentet. Turbussbransjen er framleis ikkje tilstrekkeleg regulert og manglar klart definerte kabotasjereglar. LO vil – saman med relevante aktørar – jobbe aktivt for å betre situasjonen. Lowverket må skjerpast ytterlegare, og kontrollatatane må styrkjast.

For å sikre at transportnæringa får tilgang på godt kvalifisert arbeidskraft, må utdanninga av trafikklærarar i klassen tunge køyretøy gjerast meir tilgjengeleg både geografisk og økonomisk.

## Klima

Transportsektoren er ein viktig bidragsytar for å nå målsetjinga om 55 prosent utsleppskutt innan 2030. Det må leggjast til rette for ei berekraftig utvikling av transportsektoren, der gode alternativ må vere på plass før ein innfører restriksjonar på dei eksisterande moglegheitene.

Store delar av transportsektoren må anten elektrifiserast eller over på alternative miljøvennlige drivstoff. Staten må vere i framkant av omstillinga av køyretøyteknologi og gå tyngre inn med investeringar i ladeinfrastruktur og biodrivstoff i alle aktuelle transportformer for å gjere det føreseieleg for og sikre gjennomføringsevna for næringslivet.

For å lykkast med overgangen til ein meir berekraftig transportsektor må det etablerast forpliktande partnerskap mellom myndigheitene og næringa. Verkemidla må innrettast slik at dei fremjar ei slik utvikling.

## Kollektivtrafikk

LO vil jobbe for at regjeringa held fast på målsetjinga om at veksten i persontransporten i byområda må takast med kollektivtransport, sykkel og gåing. Denne målsetjinga må følgjast opp med auka investeringar og statleg tilskot til drift av kollektivtransporten.

Det er viktig at nullvekstmålet blir halde ved lag. Nullvekstmålet er sentralt for å nå klimamåla, men er også viktig for framkomme i kollektivtrafikken, for å redusere lokal forureining og for trivsel og bumiljøkvalitet for den veksande andelen av befolkninga som bur i byane.

I tillegg må kollektivtransporten i distrikta styrkjast gjennom eit tilpassa tilbod, slik at det blir eit reelt alternativ å reise kollektivt.

LO vil jobbe for at det blir utarbeidd ein heilskapleg nasjonal strategi for kollektivtransporten.

## **Drosjer**

LO meiner vi må forsterke posisjonen til drosjenæringa som ein viktig del av kollektivtransporten. Samtidig må vi sikre ei drosjenæring med ordna forhold, der kundane er trygge, og der sjåførane kan leve av jobben sin. Trygg og sikker skoletransport, sjuke-transport og tilrettelagd transport for kommunar er avhengige av ei velfungerande drosjenæring. LO vil arbeide for å stoppe frisleppet i drosjenæringa og jobbe for at det blir fremja tiltak for å kjempe mot sosial dumping og styrkje dei seriøse aktørane i næringa. Drosjer skal ha løyve og vere tilknytte ein sentral.

Det må leggjast til rette for at drosjer kan køyre i alle kollektivtrasear eller alternative ruter, slik at blant anna rørslehemja ikkje blir utestengde frå område av byane der annan biltrafikk ikkje er lov.

## **Jernbane**

Oppsplittinga av jernbanesektoren i Noreg i mange selskap har vore uheldig og svekt sektoren. LO ønskjer derfor ei anna utvikling av jernbanen og seier nei til oppsplitting og privatisering av jernbanen. Erfaringar frå andre land viser at ei samla styring av jernbanen gjev best resultat. Den offentlege eigarskapen er ein nøkkel for å få til auka effektivitet og samordning, og jernbaneselskapa må derfor behaldast i offentleg eige. Norske folkevalde må ha det avgjerande ordet innan tryggleik og om korleis norsk jernbane skal organiserast og drivast. LO krev at Noreg blir sikra varige unntak frå krav om obligatorisk konkurranse i den fjerde jernbanepakken frå EU.

Økonomiske midlar over tid, der vedlikehald, oppgraderingar og nyinvesteringar i infrastruktur blir sett i samanheng, er avgjerande for å utvikle ein moderne og velfungerande jernbane. Det er dårleg infrastruktur som avgrensar ytterlegare vekst i gods- og persontrafikken, og LO vil jobbe for at arbeidet med dette skal ha høg prioritet.

Ein framtidsretta jernbane krev også elektrifiserte strekningar, fleire spor, nye og fleire tog og eit attraktivt tilbod for både gods- og persontransport.

## **Veg**

Vegnettet har stor betydning for å knyte saman landsdelane og redusere transportkostnader for næringslivet. Det er forventat at transportarbeidet på veg vil auke betraktele, og det er derfor behov for å byggje ut og fornye infrastrukturen og ruste opp vegnettet både i distrikta og i sentrale strøk

For lågt vedlikehaldsnivå over mange år har ført til stort forfall i infrastrukturen, og det er no nødvendig ta igjen forfallet. Det bør utarbeidast ein opptrappingsplan med sikte på å fjerne etterslepa på vedlikehaldet av vegnettet. Kritisk infrastruktur må vere underlagd direkte politisk styring, blant anna for å sikre framkomme og tilstrekkeleg beredskap ved hendingar.

Vedlikehald, oppgradering og skred- og flaumsikring av vegnettet er viktig for å få til ein mest mogleg effektiv gods- og persontransport. Det er framleis mange skredutsette område, og særskilt utsette vegstrekningar må kartleggjast grundig med tanke på skred- og tunneltrygging.

Anleggsbransjen er viktig i mange distriktskommunar og gjev betydeleg sysselsetjing over heile landet. Det er derfor nødvendig å leggje til rette for næringsutvikling, arbeidsplassar, auka kompetanse, fagopplæring, auka satsing på teknologi og miljø for å skape levande lokalsamfunn i Noreg.

Utbyggingsprosjekta må vere innretta med ein storleik som gjer det mogleg for norske entreprenørar å delta i konkurransen. Utbyggingsprosjekta ein legg opp til, vil også innebere eit behov for å nytte internasjonale aktørar i store utbyggingsprosjekt. Det er viktig å understreke ansvaret oppdragsgjevar har for å stille høge krav til ryddige forhold, gjennom norske lønns- og arbeidsvilkår og strenge krav til helse, miljø og tryggleik. Kampen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i anleggssektoren må derfor ha høgaste prioritet.

LO meiner det må gjennomførast ei grundig evaluering av organiseringa av utbyggingsprosjekta på veg og av ansvarsfordelinga mellom Statens vegvesen, Nye vegar og fylkeskommunen/regionane. Målsetjinga må vere å få eit godt kunnskapsgrunnlag for å sikre kostnadseffektiv og samanhengande utbygging og sterke fagmiljø.

## **Sjø**

Klimaomsyn gjer at meir av transporten i verda må gå sjøvegen i framtida, samtidig som skipsfarten må redusere utsleppa av klimagassar og miljøskadeleg NOX. Transport på sjøen bør derfor styrkjast gjennom auka offentleg satsing på utviklinga av nye miljøvennlege løysingar, nye internasjonale miljøkrav og forbetra tryggleik og beredskap til sjøs.

Dei som skal arbeide i dei maritimt baserte næringane, må kunne leve og bu i Noreg. LOs krav om at norske lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde for all aktivitet i det norske havrommet, og som regjeringa har levert på, er i den samanheng heilt avgjerande. Kompetansen til norske sjøfolk er ein viktig del av fundamentet for utviklinga i den maritime næringa og må styrkjast og vidareutviklast for sikre ei framtidig norskbasert maritim næring.

For å unngå undergraving av lover, reglar og rettar er det viktig at det blir sett krav til kontroll og oppfølging av fartøy som opererer i tilknytning til oppdrettsanlegg, fraktar gods mellom norske hamner, går til og frå olje- og gassinstallasjonar og utnyttar vilkåra som framandflagg gjev.

## **Luft**

LO meiner at utviklinga av norsk luftfart må vere tufta på økonomisk, sosial og klimamessig berekraft. Norsk luftfart har vore prega av ein sterk tryggleikskultur der den norske modellen har vore, og er, ein berebjelke i tryggingssamarbeidet. Arbeidet med flytryggleiken må framleis prioriterast, og Luftfartstilsynet må setjast i stand til å kunne drive aktive tilsyn for å avdekkje og avgrense risikoar og useriøsitet i luftfarten.

Regelverket i sivil luftfart må sikre like konkurransevilkår og besetningsmedlemmer i heile og faste stillingar direkte hos flyselskapet, tydelege heimebasereglar som definerer arbeidsgjevaransvaret, og hindre bruk av framandflagg. Vi må forhindre at flyselskap kan ta i bruk kreative forretningsmodellar ved å splitte opp selskap, bruke atypiske tilsetjingsmodellar og skatteplanlegging, ved å omgå sosiale ordningar eller ved å tilby tilsette arbeidsavtalar med dårlegare vilkår. Ei fragmentering svekkjer både det organiserte arbeidslivet og den sosiale fellesskapen og kan i verste fall true flytryggleiken. Noreg må samarbeide tett med EU og internasjonale organisasjonar for å forbetre luftfartsregelverket.

LO vil jobbe for at Avinor-modellen består, og for at kjerneoppgåvene ikkje blir konkurranseutsette. Verksemdsoverdraging må leggjast til grunn når Avinor skiftar underleverandørar, lov om vaktverksemd må bli lagd til grunn for tryggingsspersonellet, og det må bli sikra nasjonal kontroll på alle samfunnskritiske område.

Ansvar for å samordne og anskaffe FOT-ruter må vere ei statleg oppgåve, og staten må sikre at operatørane som vinn anboda, også står for flyginga.

Trass i uvisse om eit framtidig behov for ein tredje rullebane på Gardermoen må det bandleggjast areal og luftrom for det austlege alternativet – dette for å sikre nødvendig kapasitet i framtida. Men samtidig skal det vere ei målsetjing i arbeidet vårt at det ikkje blir behov for ein ny rullebane.

Det høge tryggningsnivået innan offshore helikoptertransport og at transporten er robust nok, må haldast ved lag, og ulykkesrisikoen i helikoptertrafikken på innlandet må minimerast ved at offentlege innkjøparar stiller tilleggskrav når dei kjøper inn helikoptertenestene sine.

Det må sikrast ei offentleg luftambulansetjeneste, der myndighetene må avklare modellar for samarbeid med ideelle aktørar.

LO vil jobbe for at det blir oppretta ein forpliktande klimapartnerskap mellom regjeringa og næringa som omfattar alle forholda knytte til klima og miljø i luftfarten. Det må arbeidast for sikker innfasing av elektriske og hybride fly og for nasjonal produksjon av berekraftig flydrivstoff, irekna å halde ved lag det desentraliserte nettet med kortbaneflyplassar og sørgje for at desse blir brukte i arbeidet med elektrifisering av luftfarten, blant anna gjennom eit program for teknologiutvikling. Det skal også jobbast for at lufthamnene i Noreg blir heilelektrifiserte, slik at all transport og anna arbeid på bakken blir utførte ved hjelp av utsleppsfrie køyretøy og maskiner.

# Næringspolitisk uttale

Noreg er eit lite land med ein open økonomi i ei stadig meir globalisert verd og er avhengig av marknadstilgang og klare og tydelege køyrereglar for handel. Økonomien vår er sterkt eksportretta, særleg mot den europeiske marknaden, og avhengig av eit internasjonalt gjensidig forpliktande samarbeid for å sikre like og føreseielege rammevilkår.

I ei verd der mange varer og tenester er utsette for global konkurranse, må vi satse på næringar der Noreg har særlege fortrinn, der vi har opparbeidd oss leiande posisjonar internasjonalt, og der vi har sterke klyngjer med kunnskap og kompetanse i alle ledd i verdikjeda. Noreg har industri- og kompetansemiljø som er verdsleiande. Dersom vi skal halde posisjonen vår ved lag, må vi satse.

I eit høgkostland som Noreg må vi kombinere ressursane våre med kunnskapsbaserte, produktive og berekraftige produksjonsmiljø for å lykkast i den internasjonale konkurransen. Noreg må føre ein strategisk næringspolitikk som kan gje mål og retning for utvikling av det kompetansegrunlaget vi skal leve av i framtida.

Det er avgjerande for all eksportindustri og næringslivssatsing i Noreg at dei grunnleggjande rammevilkåra er føreseielege. Det dreier seg om ansvarleg økonomisk styring, rente- og valutapolitikk, regulert handel, marknadstilgang og den norske modellen. Dette dannar grunnlaget for det samfunnet vi har utvikla og som vil vere avgjerande for å sikre høg verdiskaping og arbeidsplassar også i framtida. Vi må arbeide for sirkulærøkonomi i alle næringar. Handelsnæringa spelar ei viktig rolle, og ho må leggje til rette for ombruk, gjenbruk og lengre levetid på produkt som blir selde.

Når klimamåla skal nåast og nødvendige tiltak gjennomførast, betyr det endringar. Norsk næringsliv og arbeidsliv vil møte store krav til omstilling. Kravet vårt er at denne omstillinga skal vere rettferdig. Rettferdig omstilling betyr at arbeidstakarane deltek og medverkar i prosessane som gjeld eigne arbeidsplassar, frå planlegging til gjennomføring. Sosial dialog og trepartssamarbeid, i tråd med den norske arbeidslivsmodellen, skal sjølvsagt vere på plass i det grønne skiftet. Det betyr også at retten til livslang læring og etter- og vidareutdanning for arbeidstakarar som er i denne omstillinga, har ein sentral plass.

Auka industrisatsingar og auka næringsaktivitet for å akselerere det grønne skiftet legg også auka press på natur og naturmangfald. Vi må sikre gode prosessar som varetek naturmangfaldet og økosystema og dei livsnødvendige tenestene naturen gjev oss.

## Eit klima i krise

Klimapanelet til FN understrekar at det hastar med klimatilpassingstiltak. Eit varmare klima fører til meir ekstremvêr og fare for flaum, ras og tørke. Hetebølgjer, tørkeperiodar og meir nedbør har store følgjer for naturen og naturmangfaldet, for helsa til folk, for den kritiske infrastrukturen og for arbeidslivet. Menneskeskapt aktivitet bidreg til klimaendringar og utslepp av klimagassar som må reduserast. LO vil bidra til å gjere det vi kan for å kutte utslepp og utvikle løysingar for utsleppsreduksjon som kan brukast verda over. Vi må i størst mogleg grad innrette produksjonen etter sirkulærøkonomiske prinsipp.

Det er eit nasjonalt mål å tilpasse samfunnet til eit klima i endring. Riksrevisjonen påpeikte i mars 2022 at Noreg er dårleg førebudd på å møte desse farane. LO meiner arbeidet med klimatilpassing i Noreg må forsterkast for å nå dei nasjonale måla om kutt i klimagassutsleppa. Særleg vil det vere nødvendig med tilpassingstiltak i sektorane som direkte møter desse store endringane, slik som helse- og omsorgssektoren, matproduksjon, reiseliv, infrastruktur, tryggleik og beredskap. Helse og tryggleiken til arbeidstakarane må varetakast.

### **Energi og nye industrielle initiativ**

Perspektiva og politiske ambisjonar har som følge av konflikten med Russland endra seg radikalt. Tryggingspolitiske retningslinjer blir vekta tyngre i energidebatten. Tunge tryggingspolitiske og bilaterale spørsmål tilseier at Noreg med alliansepartnarar og naboland må gjere krevjande avvegingar i energipolitikken. Tiltak innan kraft- og petroleumssektoren knytte til leveransar av energi til Europa må sjåast i lys av krigen med dei konsekvensane han har for nabolanda våre. Dei gassprisane konflikten har påført Europa, påverkar kraftprisen i Noreg. Noreg har i nyare tid aldri hatt høgare kraftprisar. Skilnadene mellom prisområda har i lange periodar vore ekstremt store. For første gong har staten subsidiert toppen av rekninga for vanlege forbrukarar.

LO meiner det må vere ein overordna ambisjon at vi igjen får ein balanse mellom forbruk og produksjon av kraft, som fører oss tilbake til normale norske kraftprisar i Sør-Noreg. Inntil prisane er stabiliserte, er det viktig at straumstøtteordninga frå staten blir vidareført, og at det blir vurdert å etablere ordningar for delar av næringslivet som ikkje har tilgang til langsiktige industrikraftordningar. Langvarige fastprisløysingar må vidareutviklast.

Måla frå regjeringa og Stortinget for reduksjonane i klimagassutslepp innan 2030 og 2050 ligg faste. Vi ser dei ulike næringane flettar seg saman der kompetansen og teknologiutviklinga er relevante på tvers av næringane. Havbruksnæringa flyttar ut av fjordane og ut på havet, og havvind ligg i startgropa. Innan den maritime næringa jobbar skip som var bygde for petroleumsnæringa, no også med havvind og oppdrett.

Det er fleire initiativ til å byggje battericelleproduksjon i Noreg. Batteriverdikjeda kan skape mange nye arbeidsplassar frå minerala skal vinnast ut og produserast, til batteria til slutt skal resirkulerast. LO vil jobbe for at Noreg skal ha som ambisjon å ta ein betydeleg andel i ein global batterimarknad.

Den store omstillinga til eit låg- og nullutsleppssamfunn krev meir effektiv bruk av krafta og meir produksjon av kraft. Tilgang til fornybar kraft er det viktigaste verkemiddelet for å nå måla om utsleppsreduksjonar i industrien til lands og til havs. Bruk av hydrogen og ammoniakk i industrien på land og som drivstoff på sjøen kan gje store utsleppsreduksjonar.

Vi ser allereie at Statnett i nokre delar av landet gjev avslag på tilkopling til nettet. Kapasiteten i nettet kan vere det som avgjer om vi får ny industriell aktivitet som skaper arbeidsplassar. LO meiner nettet må rustast opp, slik at krafttilgangen blir sikra der vi treng han. Det bør utviklast ein likeverdig nettariff i regional- og sentralnettet for store forbrukarar, lik den modellen som i dag gjeld for sentralnettet.



Systemet med opphavsgarantiane er å merkje kraftleveransar som fornybar kraft sjølv om den fysiske leveransen er basert på kol. Dette undergrev norsk verdiskaping og arbeidsplassar.

Noreg må skalere opp kapasiteten i kraftsystemet med sol-, vass- og vindkraft og spare energi gjennom energieffektiviserande tiltak parallelt. Noreg har ein stor utsleppsfri kraftproduksjon. Vasskraftkapasiteten med magasinkapasiteten er grunnfjellet i det norske kraftsystemet. LO vil jobbe for å vareta heimfallsordninga og vidareutvikle offentleg eigarskap til naturressursane og produksjon og distribusjon av energi. Vasskrafta må vidareutviklast og oppgraderast. LO er bekymra for konsekvensane av dei vilkårsrevisjonane som er i gang, og meiner konsekvensane i effekt- og produksjonstap må vurderast i eit heilskapsperspektiv. Den enkelte revisjonen må målast opp mot den totale effekten det vil ha for landet.

Vindkraft på land har vakse fram som den nest største energikjelda i kraftproduksjonen. Rundt 10 prosent av norsk kraftproduksjon blir i dag henta frå vindkraft på land. LO har gjeve tydeleg uttrykk for at prosjekta må forankrast lokalt. Lokale ringverknader i form av arbeidsplassar og inntekter for kommunane er eit kjernesporsmål utbyggjarane må sikre og løyse. Behandlinga av vindkraftprosjekt på land har lege stille i tre år. Det største teoretiske potensialet for ny kraftproduksjon i dei registrerte søknadene til NVE er vindkraftprosjekt. LO meiner NVE og OED må styrkjast slik at vi raskt får skilt gode prosjekt frå dårlege. Stortinget har bede regjeringa flytte behandlinga av søknader etter plan- og bygningslova. Det sikrar kommunane ein avgjerande innverknad.

Havvind har eit stort potensial, og LO meiner Noreg må ha høge ambisjonar for havvindsatsinga. Havvind skal levere kraft til Noreg og skape grunnlaget for fleire bein å stå på for leverandørindustrien. NVE har fått i oppdrag å finne fleire område for utbygging.

Det er ei enorm satsing på offshore vindkraft i Europa. Dersom Noreg skal lykkast med å byggje ei konkurransedyktig leverandørkjede som kan vinne kontraktar globalt, må heimemarknaden komme i gang raskt. LO meiner havvindkonsesjonar må baserast på kvalitative kriterium, der ambisjonen om å byggje ei sterk leverandørkjede i Noreg må leggjast til grunn for tildelingane. LO meiner at vi frå første runde i utveljinga av dei aktørane som får byggje prosjekt i Noreg, må ha klare forventningar til at det blir brukt norske leverandørar.

Krafta i Noreg er fornybar. Ho har vakse fram hand i hand med industrien. LO meiner at stabile og konkurransedyktige rammevilkår som langsiktig og industrivennleg kraftpolitikk er føresetnader for å styrkje delen industrien står for av verdiskapinga, og leggje til rette for auka industriell produksjon i Noreg. Det norske kraftsystemet er ein berebjelke i klimaomstillinga til Noreg. LO vil arbeide for å sikre norsk politisk kontroll med utviklinga av infrastruktur og produksjon. Energisituasjonen i Europa og manglande nedbør i Sør-Noreg har gjeve ein historisk krevjande situasjon. LO meiner Energikommisjonen må sjå på korleis det norske kraftsystemet kan tryggjast mot energikriser, inkludert gjennom styringa og bruken av magasinkapasitet og mellomlandskablar.

Systemet med opphavsgarantiane utfordrar dette. LO støttar fullt ut opp om ambisjonen til regjeringa om at det skal vere samsvar mellom dei fysiske leveransane av kraft og merkelappen fornybar energi. Systemet slik det er i dag, der det er mogleg å kjøpe retten til

at krafta er fornybar sjølv om den fysiske leveransen er basert på kol, undergrev norsk verdiskaping og arbeidsplassar. Vanlege forbrukarar som har betalt ekstraskatt i form av elsertifikat i mange år, har rett til merkelappen fornybar på forbruket sitt.

Kraftkrevjande industri i Noreg får i dag kompensert for det påslaget i kraftprisen som kjem av effekten av at kraft i Europa ligg i kvotesystemet. LO meiner EU-ordninga må halde fram, og gje rom for full kompensasjon. LO meiner at produksjonen frå ulike fornybare kjelder, som vatn og vind, må likestillast med omsyn til eigarskap, skatt, heimfall og lokal kompensasjon. Statkraft skal halde seg i statleg eige og gjennom staten som aktiv eigar vere pådrivar og kompetanseleiande for auka produksjon av fornybar energi.

I tråd med Net Zero-rapporten frå IEA som beskriv nødvendige utsleppskutt på forbrukssida, er klimavegkartet for olje- og gassindustrien på norsk sokkel revidert. Ambisjonen for å redusere utsleppa med 40 prosent innan 2030 blei av Stortinget auka til 50 prosent i vedtaket om den mellombelse oljeskattepakken. Vedtaket førte til at vegkartet blei justert for å følgje opp ambisjonen til partia bak oljeskattevedtaket.

Norsk sokkel stod i 2020 for 27 prosent av utsleppa i Noreg. Ingen andre næringar vil kunne kompensere for ei manglande måloppnåing på norsk sokkel. Dersom vi ikkje lykkast med utsleppskutt i petroleumsnæringa, vil ikkje Noreg nå målet om utsleppskutt i 2030. Tilgangen til kraft er også i petroleumssektoren det viktigaste verkemiddelet for å halde fram med utviklinga av lågutsleppsløysingar på norsk sokkel.

Ambisjonane for havvind vil, når han er starta opp, levere kapasitet til desse prosjekta. Full effekt føreset likevel utveksling med land i periodar når det ikkje blæs. Å byggje ut den havvindkapasiteten det er opna for fram til i dag, vil levere om lag like mykje kraft som norsk sokkel med kjende prosjekt vil bruke. Det er lansert ambisjonar som peiker mot ein stor norsk havvindproduksjon. Neste fase kan innan 2035 levere det doble av heile forbruket i petroleumsnæringa inkludert forbruket i dag. Fram mot 2050 kan den fornybare produksjonen frå norsk sokkel langt overstige den totale kraftproduksjonen på fastlandet i dag inkludert vasskrafta, vindkrafta på land og det vi i dag har av termisk kraft.

Noreg har samla sett dei lågaste utsleppa samanlikna med andre produsentar i verda. Målretta innsats for å redusere utsleppa og elektrifisering av store felt som Johan Sverdrup gjev konkrete resultat. Samtidig bør det arbeidast med andre løysingar for å redusere utsleppa frå olje- og gassproduksjonen, som kombinasjonen havvind og hydrogen. Den høge kvoteprisen saman med CO<sub>2</sub>-avgifta medfører at mange prosjekt for utsleppskutt er samfunnsøkonomisk lønnsame allereie i dag. Det ligg i korta at både CO<sub>2</sub>-kvoteprisen i Europa og den norske CO<sub>2</sub>-avgifta på toppen vil stige ytterlegare fram mot 2030. Avgiftsnivået for petroleumsaktiviteten støttar under satsinga på utsleppskutt.

Konflikten med Russland har ført gass opp som den viktigaste eksportartikkelen vår. Eksport av olje og gass stod for tre firedelar av den totale norske vareeksporten i år. Noreg har vore og er ein sikker og påliteleg leverandør av energi til Europa. Å halde fram med leiteaktivitet og funn som sikrar ein leveranse som held seg stabil, har enda meir å seie. Det må leggjast til rette for eit stabilt aktivitetsnivå på norsk sokkel, med auka innslag av nye næringar som karbonfangst og lagring, hydrogen, havvind og mineralutvinning. LO vil utvikle – ikkje avvike – sektoren. LO meiner dei ressursane som kan byggjast ut, må vere

økonomisk og klimamessig berekraftige. Det vil medføre at delar av ressursane på norsk sokkel vil liggje urørte.

Satsinga på omdanning av naturgass til hydrogen, med fangst av utsleppa, vil sikre eit langsiktig grunnlag for utviklinga av aktiviteten på norsk sokkel. Når utsleppa i produksjonsfasen på felta er reduserte ned til eit minimum, kan Noreg stå fram som ein langsiktig energileverandør for dei viktigaste handelspartnarane våre. Da blir klimautsleppa fjerna heile vegen frå produksjon til forbruk.

LO er oppteken av at dei verdiane som blir skapte innanfor norsk energiproduksjon, skal komme samfunnet til gode. Distribueringa av denne energien er ein vital del av infrastrukturen i landet og bidreg til å sikre lokal industri og utvikling.

### **Eksportsatsing/verkemiddelapparatet**

Norsk eksport frå fastlandsindustrien må styrkjast. Underskotet på handelsbalansen for Fastlands-Noreg har auka kraftig over mange år, trass i ein lang periode med gunstig valutakurs og ansvarlege lønnsoppgjer. Andelen til fastlandsindustrien av verdiskapinga er no på om lag 7 prosent, mens dei europeiske handelspartnarane og konkurrentane våre ligg på om lag 17 prosent. EU har eit mål om 20 prosent. Denne utfordringa må møtast med ein meir offensiv politikk for bygging av industri.

Dei europeiske nabolanda våre og EU er Noregs viktigaste samarbeidspartnarar både økonomisk og politisk og utgjør samtidig den største eksportmarknaden for landet vårt. Eit føreseieleg og gjensidig samarbeid er nødvendig for å sikre Noreg tilgang til den indre marknaden i EU og rammevilkår som er likeverdige med dei andre EU- og EØS-land har. EØS-avtalen har sidan inngåinga vareteke interessene til Noreg på dette området, og handlingsrommet i avtalen må nyttast.

LO meiner at vi må satse på næringar der vi har komparative fortrinn og har kompetanse i heile verdikjeder, at vi må evne å kople kompetansen i sterke næringsklyngjer nærmare saman, og at vi må innrette politikken og verkemiddelapparatet for å støtte opp under industriell produksjon i Noreg.

Det er viktig at verkemiddelapparatet arbeider aktivt med å fremje investeringar i Noreg. For å realisere store eksportsatsingar og etablere ny industri vil det vere eit stort behov for å gjere Noreg meir attraktivt for utanlandsk kapital. Samtidig må det leggjast til rette for konkurransedyktige rammevilkår slik at kapitalmiljøa finn langsiktige industrielle investeringar attraktive. Det er behov for å støtte store industriutviklingsprosjekt med til dels lange tidsløp med føreseieleg tilgang på tolmodig kapital.

### **Maritim aktivitet**

Noreg er den fremste havnasjonen i verda. I møtet med, og i meistringa av havet, har vi utvikla kompetanse og næringar som i dag er verdsleiande. Noreg skil seg frå dei fleste andre landa ved at vi har ein vesentleg del av verdiskapinga og sysselsetjinga i havrelatert næringsliv. Skipsfarten er ei av dei eldste næringane Noreg har i havrommet, men vi opplever ein sterk internasjonal konkurranse i alle delar av verdikjeda.

Etter mange års kamp for norske lønns- og arbeidsvilkår for arbeid i norske farvatn la regjeringa fram lovforslaget som skal rydde opp i den sosiale dumpinga vi har sett i store delar av skipsfarten innanriks. Det har vore eit langt lerret å bleikje, der vi over tid har jobba fram eit stortingsfleirtal først for at handlingsrommet for norske krav skulle greiast ut, og dernest at utgreiinga skulle føre til handling. Alle kystkommunar blei involverte i dette arbeidet for å sikre eit politisk fleirtal i Stortinget.

Det er svært gledeleg at det er vår regjering som fremjar lovforslaget.

Ei aktiv satsing på havrommet er avhengig av at vi held på og utviklar kompetansen som den maritime næringa representerer. Kompetansen til norske sjøfolk er ein del av fundamentet for utviklinga i den maritime næringa. All aktivitet i havrommet vil vere avhengig av at vi utviklar og driftar skip som skal utføre eksisterande og nye oppgåver.

LO meiner at offentlege anskaffingar i større grad må brukast til å fremje norsk klimavennleg teknologi og samtidig bidra til meir verdiskaping og sysselsetjing i Noreg. I Noreg har vi ofte bygd dei første prototypane og stått for nybrottsarbeidet, men taper stadig oftare kampen om dei neste byggjeprosjekta. Vi kan ikkje ha det slik at reiarlag med eit fåtal norske tilsette på reiarkontoret og utanlandske tilsette på båtane skal hauste millionbeløp i verkemiddelapparatet for så å byggje skip i utlandet. Det burde vore sjølvstøtt ved offentlege innkjøp at perspektivet om utvikling av maritim næring veg tungt i avgjerdsprosessane knytte til valet av reiarlag og verft.

LO meiner at det må utviklast nye kriterium for val av leverandørar, som i større grad vektar kva ringverknader dei offentlege innkjøpa får for samfunnet, legg til rette for at styrkane til norsk industri skal vektleggjast i utforminga av offentlege anbod og tildeling av oppdrag, og at ordna arbeidsvilkår, HMS og klima må vere ein del av anbodet og vektast høgt. LO meiner det må etablerast ei ekspertisering med høg kompetanse på offentlege anbod, som direktorat og kommunale og fylkeskommunale innkjøparar kan lene seg på.

Verftsindustrien i Noreg har også betydning for nasjonal tryggleik og beredskap. Den maritime næringa i Noreg har behov for auka aktivitet for å bevare kompetanse og sysselsetjing ved dei norske nybyggingsverfta. LO forventar at arbeidet med ny standard fartøyklasse i Sjøforsvaret blir følgt opp med vedtak om å byggje nye fartøy til Sjøforsvaret i ein konkurranse mellom norske verft. Det vil kunne sikre høg og langvarig aktivitet ved kriseutsette norske skipsverft, bidra til å tilføre Sjøforsvaret kostnadseffektiv og meir klimavennleg norsk maritim teknologi og mogleggjere for eksport av eit nytt fartøykonsept til marinane i andre nasjonar. LO vurderer dette som det fremste konkrete aktivitetsfremjande bidraget til å hjelpe verfta gjennom ein krevjande periode.

No står vi framfor eit nytt kapittel i den maritime historia vår, der utsleppa i aktiviteten skal reduserast og fjernast. Det grøne skiftet reiser nye utfordringar ved å gå frå velkjende og fungerande løysingar i skiftet av energikjelde til nye låg- og nullutsleppsløysingar, slik at passasjerar og mannskap framleis kan segle trygt. Bruk av nedkjølt naturgass og batteripakkar som har teke ned utsleppa, er viktige steg på vegen mot dei nye energiberarane, som heilelektrisk drift og hydrogen- eller ammoniakkløysingar.

## Skog

Strategisk satsing på skog og tre er ein del av klimaløysinga og framtidig verdiskaping. Noreg har store skogressursar. I dag blir mykje av ressursane frå skogen eksporterte utan å vere vidare arbeidde med ut frå Noreg. Verdiskapinga og verdikjedesatsinga må skje i Noreg med konkurransedyktige rammevilkår. Eit veldrive og aktivt skogbruk vil både kunne gje høgare avverking og eit høgt opptak og lagring av CO<sub>2</sub>.

## Mineral

Det grøne skiftet er heilt avhengig av auka tilgang på mineral. For å sikre at Noreg skal vere eit attraktivt land å drive mineralverksemd i, må det leggjast til rette for betre ressursplanlegging, meir effektive og føreseielege planprosessar og for at kompetansen i mineralforvaltninga blir styrkt. Noreg har store førekomstar av mineral til lands og på sokkelen, og tempoet i kartlegginga av førekomstar og etablering av eit regulatorisk regime må aukast. Sjeldne jordartar er ei kritisk råvare for grøen industriproduksjon, og Noreg har gode føresetnader for å utvikle ei verdikjede for permanentmagnetar.

Svalbard må framleis vere eit levedyktig samfunn, der norsk suverenitet blir vareteken. Langsiktig norsk nærvære er viktig både med tanke på god ressursutnytting og den utanrikspolitiske situasjonen. Føresetnaden for dette er at det blir lagt til rette for næringsverksemd og ein betydeleg andel norske statsborgarar på Svalbard.

## Helseindustri

Digital helse, legemiddel og medisinsk utstyr blir eksporterte for milliardar. Denne industrien er veksande, med eit stort potensial for nye arbeidsplassar og verdiskaping. Noreg er kjent for ei berekraftig tilnærming. Vi har eit høgt kunnskapsnivå om livsvitskap og industrielle prosessar, ein konkurransedyktig legemiddelindustri som har viktig kompetanse, og vi har kunnskapsmiljø innan vaksinefeltet ved forskingsinstitusjonane i landet. Det må leggjast til rette for forskning, utvikling og støtte frå verkemiddelapparatet, slik at vi kan byggje denne næringa for framtida.

## Matproduksjon frå landbruk, fisk og havbruk

Ein berekraftig matproduksjon skal sikre beredskap, trygg matvaretilgang og ernæring for alle, utan å redusere moglegheita for kommande generasjonar til det same. Arealet for matproduksjon må få særskild merksemd. Ein landbrukssektor med hovudoppgåve å produsere mat vil sikre den landbruksbaserte industrien norske råvarer. Landbruket, næringsmiddelindustrien og dei marine næringane er viktige, og LO vil arbeide for ein politikk som aukar norsk matproduksjon basert på norske ressursar, og som aukar sjølvforsyningsgraden. Ressursane må forvaltast berekraftig og langsiktig til beste for fellesskapen, og politikken må sikre auka foredling av råvarer som grunnlag for aktivitet og verdiskaping i heile landet. Auka produksjon av mat i Noreg, basert på norske biologiske ressursar, er ein del av klimaløysinga. Noreg er den nest største eksportøren av sjømat i verda, og havbruksnæringa utgjer ein vesentleg del av dette. Vi er leiande i verda på havbruk, og saman med dei andre havnæringane gjev det grunnlag for næringar innan både privat og offentleg sektor. Havbruk har eit stort potensial til å vekse vidare på ein berekraftig måte og forsyne verda med sunn mat. Dette krev meir innovasjon og

teknologitviking og ein aktiv og føreseieleg næringspolitikk. Defensive og offensive interesser må balanserast slik at det er mogleg for både blå og grøn sektor å vekse.

### **Forsvarsindustri og totalberedskap**

Tryggings- og beredskapsomsyn tilseier at det norske forsvaret må ha høg sjølvforsyningsgrad når det gjeld produksjon og vedlikehald av forsvarsmateriell, som ein integrert del av Forsvaret sjølv og i form av samarbeidsavtalar med strategisk nasjonal forsvarsindustri. Noreg må inngå industrielle samarbeidsavtalar om gjenkjøp ved internasjonale anskaffingar.

Koronapandemien har avdekt fleire svakheiter ved den norske beredskapen, blant anna avvegingar knytte til smittevern, sett opp mot behovet for å halde ved lag den økonomiske aktiviteten og halde folk i jobb. Det har også blitt tydeleg at det er eit behov for å avklare korleis samfunnskritisk forsyningstryggleik blir vareteken ved uventa hendingar. Alle instansane som spelar ei rolle for samfunnsberedskapar, må brukast på eit tenleg vis og koordinerast godt. For å auke beredskapen på alle nivåa i samfunnet er det avgjerande med tillit mellom folk og myndigheiter. Tilliten er limet som festar beredskapsviljen og dermed styrkjer beredskapsevna i samfunnet.

### **Statleg eigarskap**

Offentleg eigarskap sikrar nasjonal forankring og styring av bedrifter som er sentrale for samfunnet. Det er eit viktig instrument for å fremje likestilling og integrering, og selskap det offentlege eig, skal vere føregangsselskap for satsing på lærlingar. Offentleg eigde selskap skal drivast på ein slik måte at dei ikkje gjev rom for sosial dumping eller arbeidslivskriminalitet. Det er særleg viktig at selskap som forvaltar naturressursar, sentral infrastruktur, viktige system eller sentrale tenester viktige for beredskapen, blir eigde og styrte av fellesskapen. Den statlege eigarskapen kan bidra til å sikre næringsutvikling, utvikle og byggje robuste berekraftige verdikjeder som gjev arbeidsplassar og framtidig verdiskaping.

### **Offentlege anskaffingar**

Når om lag 600 milliardar kroner frå midlane til fellesskapen går til innkjøp av varer og tenester, er det viktig at ein stiller krav til bruken av desse. Offentleg sektor og offentleg kontrollerte selskap har derfor eit stort ansvar gjennom innkjøpa sine for å vareta ulike samfunnsomsyn som å skape arbeidsplassar, kjempe mot arbeidslivskriminalitet og sosial dumping, sikre innovasjon og ta omsyn til klima- og miljøutfordringar. Regjeringa har levert på kravet om ein Noregsmodell for offentlege innkjøp, men dette må følgjast opp med etterleving og kontroll, og vi må sikre at modellen omfattar alle offentlege innkjøp og anskaffingar.

## Eit organisert og seriøst arbeidsliv

Med EU-utvidingane austover i 2004 og 2007 blei Noreg del av ein arbeidsmarknad hundre gonger så stor som vår eigen. Sidan har Noreg blitt eit av dei europeiske landa som har teke imot flest arbeidsinnvandrarar frå Aust- og Sentral-Europa. Dei opne grensene og retten til fri flyt over grensene har vore ein viktig del av det demokratibyggjande prosjektet som europeiske land har forsøkt å gjennomføre i tiåra etter at muren fall, men dei har også bydd på problem og utfordringar. Retten til fri flyt over grensene har ikkje alltid gått hand i hand med rettvis, og altfor mange migrantarbeidarar har opplevd utnytting, lønnsjuveri og krenking av menneskerettane sine – også i Noreg.

Bruk av fiktivt sjølvstendig næringsdrivande, utstasjonerte arbeidarar og bemanningsselskap har bidrege til lågare organisasjonsgrad. For fagrørsla i Noreg er det viktig å drive organisasjonsarbeid med eit mål om å byggje sterke arbeidarkollektiv også blant migrantarbeidarar. Da treng vi informasjon og fagforeiningar med medarbeidarar som kan kommunisere på ulike språk.

Fagrørsla har vore den viktigaste motkrafta mot eit arbeidsliv der arbeidarar må by under kvarandre for å få arbeid. Tusenvis av utanlandske arbeidarar har organisert seg, fremja lønnskrav og kjempa for at det norske arbeidslivet skal vere eit godt arbeidsliv for alle, uansett kvar dei kjem frå. LO og forbunda har representert hundrevis av arbeidstakarar i forhandlingsrom og rettssalar, og på arbeidsplassane har tillitsvalde avdekt uverdige forhold og kriminelle arbeidsgjevarar. Korleis norsk arbeidsliv ville sett ut i dag utan denne innsatsen, er det vanskeleg å førestille seg. Men vi ser framleis altfor mange alvorlege tilfelle av sosial dumping, og det er eit stort behov for auka innsats frå fagrørsla og nye verktøy i form av endra lovgjeving.

For dei fagorganiserte i Noreg er det derfor avgjerande å ha med seg politikarane i denne kampen. Lokalt og nasjonalt har fagforeiningane, forbunda og LO stått på for politiske tiltak mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet og brukt fagleg-politisk samarbeid for å sikre at erfaringane til arbeidsfolk blir trekte inn i dei politiske avgjerdsprosessane. På den måten har vi fått krav om lærlingar, fagkompetanse og andre sosiale krav inn i offentlege anbudsprosessar – frå Skiensmodellen til nær 200 kommunale og regionale innkjøpsmodellar i dag. Og på den måten har vi fått allmenngjering, solidarisk ansvar, innsynsrett og ei rekkje andre føresegner som har minska handlingsrommet for useriøse og kriminelle aktørar.

Etter åtte år med ei regjering som anerkjende det uorganiserte arbeidslivet, har Noreg no også fått ei regjering som har sett i gang ei storreingjering av arbeidslivet. Aldri i nyare norsk historie har eit så omfattande arbeid blitt gjort på så kort tid. Nye og strenge reguleringar av bemanningsselskapa, kollektiv søksmålsrett og styrkte rettar til faste og heile stillingar er berre noko av det som allereie er sett i gang. Det generelle høvet Høgre og Framstegspartiet gav til mellombelse tilsetjingar, er reversert, og fagforeiningsfrådraget er dobla innan utgangen av 2022. Dette er eit markant brot med mange år med usosial høgrepolitikk og vil vere ein viktig del av kampen mot utviklinga av eit meir klassesdelt Forskjells-Noreg.

Dei vedtekne og varsla endringane frå Støre-regjeringa står i skarp kontrast til utviklinga i mange land rundt oss. Fleire stader er demokratiet på vikande front, og dette er ei utvikling som har nært samband med utviklinga i arbeidslivet. Arbeidsfolk og fagforeiningane deira har mista makt og innverknad, og organisasjonsgraden og tariffavtaledekninga har gått ned. I leiande økonomiar som USA og Storbritannia har reallønningane stagnert i tiår, mange arbeidarar er blitt «arbeidande fattige», og rasismen, framandfrykta og nasjonalsjåvinismen har fått sterkare fotfeste. I eit arbeidsliv der arbeidarar konstant blir tvinga til å vere kvarandre sine konkurrentar, er det ikkje merkeleg at dei ikkje blir kameratar.

Fagrørsla har alltid vore førstelinjeforsvaret i kampen for demokrati og medråderetten, også i kvardagen til arbeidsfolk. Kampen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er ein kamp både for fridom og for tryggleik, mot bandittvelde og makta til den sterkaste. For LO er det viktig at forbunda held fram med innsatsen for å byggje sterkare fagforeiningar der dei i dag står svakast og trengst mest. Kampen mot sosial dumping handlar om å forsvare eit anstendig lønnsnivå – og forsvarlege arbeids- og buforhold – for *alle* som jobbar i Noreg.

Skal vi greie det, treng vi politisk draghjelp. I månadene og åra som kjem, vil det vere viktig å avgrense moglegheita arbeidsgjevar har til å pulverisere ansvar gjennom selskapsorganisering og falske tilknytingsformer, og å styrkje moglegheita arbeidstakarane har til å krevje og få den lønna dei har krav på. Eitt slikt verkemiddel er eit utvida solidarisk ansvar, som går heile vegen opp til bestillar, og ei styrking av både lønnsgarantiordninga og konkurslovgjevinga. Det er også viktig at regjeringa følgjer opp og vedtek dei foreslåtte justeringane i lovverket frå Fougner-utvalet, for å kunne sikre stillingsvernet og rettane til arbeidstakarane – også i møte med den såkalla gigøkonomien og arbeidsgjevarar som unndreg seg arbeidsgjevaransvaret. For dei som framleis er sjølvstendig næringsdrivande, for eksempel i kultursektoren, er det viktig å følgje opp formuleringa i regjeringserklæringa om å greie ut og forbetre sosiale ordningar for denne ofte utsette gruppa. Det må også komme på plass eit lovverk som sikrar informasjon og drøfting for dei som jobbar i konsern.

Å setje arbeidarar i stand til å hevde og kjempe for rettane sine, også når dei er i ein sårbar situasjon, er avgjerande for å lykkast i kampen mot sosial dumping. Trusselvurderingane til myndigheitene viser korleis useriøse aktørar rår over ein hær av hjelparar, i form av advokatar, revisorar og andre medhjelparar. Den einaste måten å trengje gjennom denne muren av falske dokument og skalselskap på er ved å få arbeidarane som blir utnytta, til å fortelje. Skal dei gjere det, treng dei ein grunn. Å gje dei informasjon om fagrørsla, rettane deira i Noreg og ei utsikt til å få den lønna dei har krav på, er ein god start.

LO har i samarbeid med forbunda og aktørar som Fair Play Bygg, Frelsesarmeen, Caritas og Kirkens Bymisjon jobba for å støtte arbeidstakarar i dei mest utsette delane av norsk arbeidsliv. Kombinert med klassisk fagforeiningsarbeid, bygging av bedriftsklubbar og politiske tiltak som Noregsmodellen for offentlege innkjøp vil slike initiativ kunne bidra til å opprette noko av den maktubalansen som har oppstått i norsk arbeidsliv, på ny.

LO helsar derfor storreingjeringa regjeringa har sett i gang med i arbeidslivet, velkommen. Sosial dumping er i ferd med å endre Noreg, og kvalitetar vi set høgt, som likskap, tillit og



sjølvstendige arbeidstakarar med makt og innverknad over egen arbeidskvardag, er pressa. Dei mange forslaga frå regjeringa på arbeidslivsfeltet motverkar dette.

Kampen mot sosial dumping er i grunn god gammaldags interessekamp, der kampen står om prisen på arbeidskrafta. Sosial dumping blir ofte framstilt som ein uheldig sideeffekt av at nokon ikkje har følgd godt nok med, men kjem som oftast av at nokon har hatt det som ein forretningsmodell å kjøpe arbeidskraft på billegsal og å gamble med helsa og tryggleiken til arbeidarane.

Sjølv om det ikkje er nokon som *ønskjer sluttresultatet* av utbreidd sosial dumping – eit uproduktivt, umoderne og i verste fall kriminelt arbeidsliv, prega av forskjellsbehandling og diskriminering, der tillit er erstatta av unødig kontroll, prosedyrar og byråkrati – er det eit slikt arbeidsliv vi risikerer å få og som har breidd om seg til å bli ein ny normaltilstand i fleire europeiske land.

I Noreg er vi så heldige at vi framleis har kraft nok til å stå imot ei slik utvikling, og ei regjering som står på arbeidstakarane si side. Det gjer det mogleg for oss å velje ein annan veg. Men det krev at den faglege og politiske mobiliseringa held fram, og eit medvit om kva det er som står på spel.

# Uttale om ulikskap

Økonomisk og sosial ulikskap er ei av dei største utfordringane vi står overfor som samfunn. Dersom moglegheita til å skape gode liv for seg og sine skal gjelde alle menneske, og ikkje berre dei få, føreset dette eit samfunn der makt og rikdom er jamt fordelte. Dette har vore den viktigaste kampsaka til arbeidarrørsla gjennom meir enn 100 år, noko som er ei viktig årsak til at vi har eit samfunn prega av relativt jamn fordeling, sosial likskap og tillit. Historia har likevel vist at kampen for eit rettferdig samfunn ikkje er vunnen éin gong for alle. Derfor vil kamp mot ulikskap framleis vere blant dei viktigaste sakene til arbeidarrørsla.

Dei økonomiske skilnadene i Noreg har auka dei siste tiåra. Det er ein del av ein internasjonal trend og ein trussel mot den norske samfunnsmodellen. Auka skilnader kan svekkje vekstevna i økonomien og true samhaldet og tilliten i samfunnet. Derfor må ulikskapsdimensjonen inn i dei fleste politikkområda, og det er viktig med ei god koordinering mellom områda.

Målet til LO vil alltid vere eit samfunn der gode og byrder er rettferdig fordelte. Eit godt organisert arbeidsliv, ein rettferdig lønnspolitikk med ei samordna lønnsdanning, kompetanseheving, eit skattesystem som fordeler om på goda, overføringar og god offentleg velferd er dei viktigaste mekanismane for å sikre utjamning og redusere skilnadene. Vi har sett korleis politikken gjennom åtte år med regjeringa Solberg har bidrege til å forsterke skilnadene.

Politikk bidreg til å auke ulikskapen. På same måten kan politikk bidra til å redusere han. SSB har vist korleis ulikskapen har auka som ei følgje av skatteendringar dei siste åra. Kuttet Solberg-regjeringa gjorde i formuesskatten, bidrog til å auke skilnadene etter 2013. Det var ei vilja utvikling, og det må derfor vere eit mål i seg sjølv å få slutt på denne politikken. For LO er eit utjamnande og rettferdig skattesystem eit av dei viktigaste tiltaka for å snu denne utviklinga. Formuesskatten er den mest utjamnande skatten og må aukast.

Forsking frå SSB har vist korleis skilnadene sidan 2001 har auka meir enn det som kjem fram av offisiell statistikk. Dei på toppen har drege ifrå, både når det gjeld inntekt og formue. På den andre sida har dei med dei lågaste lønningane ikkje hatt reallønnsvekst dei siste ti åra. Fleirtalet av desse er i uorganiserte delar av arbeidslivet og blir ikkje fanga opp av utjamningsmekanismene i tariffavtalane. For LO er derfor politikk for å styrkje det organiserte arbeidslivet og auke tariffdekninga eit sentralt grep for å redusere skilnadene. Auka skattefrådrag for fagforeiningskontingent er eitt konkret tiltak som bidreg til å auke organisasjonsgraden.

Omtrent åtte prosent av arbeidstakarane er varig låglønte. Mange av dei lågast lønte er uorganiserte som jobbar i bedrifter utan tariffavtale. Eit todelt arbeidsliv med trygge jobbar for nokre og utryggleik og sosial dumping for andre må vi kjempe imot. Å organisere dei utsette gruppene i arbeidslivet er viktig og vil bidra til å gje dei betre lønns- og pensjonsrettar og eit tryggare arbeidsliv. Det gjev moglegheita til å gje låglønnsstillegg og sikrar tenestepensjon og AFP. Dette er viktige tiltak som bidreg til utjamning, også når eit langt arbeidsliv er over. Saman med folketrygda vil det bidra til at ein i framtida reduserer

skilnader som oppstår som ei følgje av urettferdig pensjon. Alderspensjonen til uføre skal skjermast mot levealdersjustering, og opptening av alderspensjon skal skje fram til 67 år.

Deltakinga i arbeidslivet er sentral. Vi veit blant anna at ulikskap påverkar helsa til folk negativt. Blant unge som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har andelen utanfor utdanning og arbeid auka, og sosial bakgrunn har mykje å seie for fullført utdanning eller ikkje. Personar utan fullført vidaregåande opplæring er også overrepresenterte blant dei med nedsett arbeidsevne hos NAV og blant arbeidslause. LO meiner ein nøkkel til å redusere skilnadene er å ruste alle med den kompetansen som trengst for å delta i arbeidslivet. Vi må styrkje fellesskolen og få på plass ei kompetansereform for heile arbeidslivet. Langt fleire enn i dag som står utan fullført vidaregåande opplæring, må få hjelp til å fullføre skolen, og arbeidsmarknadspolitikken må knytast tettare opp om bransjeprogramma for kompetanse.

Velferdsstaten bidreg til omfordeling, og det offentlege har ei sentral rolle i å motverke og redusere ulikskap. Det gjeld både gjennom omfordeling over skattesetelen, gjennom velferdsytningar og gode offentlege tenester i utdanning og helse. Vi har sett at dei såkalla ABE-kutta i offentleg sektor dei siste åra har bidrege til å forsterke skilnadene. Men no må dei usosiale velferds-kutta frå Solberg-regjeringa reverserast. Førebyggjande arbeid i helse- og sosialsektoren, som ofte har blitt utsett for kutt, må også styrkjast. I tillegg er ei ytterlegare styrking av barnehagar og skolar er viktige faktorar. Det skal ikkje vere nødvendig å vere ressurssterk for å kunne få tilstrekkeleg helsetilbod.

Det må satsast på førebyggjande folkehelsearbeid og sikrast ei open og tilgjengeleg helseteneste for alle. Da spelar ein god og trygg offentleg sektor ei viktig rolle. Det må sikrast at tenestene fungerer godt og har nok ressursar over heile landet.

Dei økonomiske skilnadene veks, andelen fattige er aukande. LO ser spesielt med bekymring på at vi dei seinare åra har hatt rundt 115 000 barn som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt, og at fattigdom blir nedarva i generasjonar. Dette ønskjer LO å gjere noko med gjennom ein inkluderande oppvekstpolitikk, ein aktiv arbeidsmarknadpolitikk og gode stønadsordningar. Det føreset gode og gratis universelle ordningar for barn og unge og ein sosialpolitikk der stønadsnivåa blir sikra på eit forsvarleg nivå. Vidare krev det ein arbeidslivspolitikkk der den enkelte får den hjelpa for å lykkast med å komme i jobb, og at vi saman tek ansvar for å skape eit inkluderande arbeidsliv. Dei som ikkje får eller mistar jobb, må sikrast eit forsvarleg livsgrunnlag gjennom dei ulike offentlege stønadsordningane slik at også dei kan sikrast ein forsvarleg levestandard.

Bustadpolitikk har vore sentralt for fagrørsla lenge. Ein bustad er meir enn berre eit tak over hovudet og fire vegger. Det er ein heim med eit nabolag, ein skole og helsetenester i nærleiken. Bustadsektoren har over tid gått frå å vere regulert og utjamnande til å bli marknadsliberalisert og føre til ulikskap. Bustadformue er det formuesobjektet som bidreg mest til den samla ulikskapen når det gjeld formue. Skilnadene aukar mellom dei som eig, og dei som leiger – og mellom bustadeigarar. Regjeringa må ta ein grundig gjennomgang av dei gunstige skatteordningane for å investere i bustad. LO vil styrkje den sosiale bustadpolitikken gjennom satsing på studentbustader og andre ikkje-kommersielle bustadtilbod, styrking av rettane til leigetakarane og ein meir distriktsvennleg bustadpolitikk. Staten, gjennom Husbanken og kommunane, må sørgje for at det blir utvikla berekraftige bustader, buområde og bumiljø.

Målet til LO gjennom meir enn 100 år har vore å redusere klassemotsetningane i samfunnet. Til ein stor grad har vi lykkast. Likevel bidreg auka ulikskap til igjen å skape avstand mellom grupper i samfunnet. Dette går ut over tilliten og samfunnslivet og truar den norske modellen. Nokre blir rikare, og fleire blir fattigare. Å sørge for at fleire kjem inn i eit godt organisert arbeidsliv og dermed har moglegheita til å forsørge seg sjølv, er den viktigaste reiskapen for å redusere klassemotsetningane. Om vi i tillegg lykkast med å ruste befolkninga med kompetansen som krevst for å delta i arbeidslivet, legg vi grunnlaget for mindre skilnader. Derfor vil LO alltid jobbe for at folk flest skal få delta i arbeidslivet, yte etter evne og få etter behov. Den gode velferdsstaten må rustast for å fange opp dei som fell utanfor. Politikken til LO må til sjuande og sist vere å styrkje den norske modellen, med eit arbeidsliv prega av sterke organisasjonar, med samordna tarifforhandlingar, eit velutvikla lokalt nivå for kollektive forhandlingar og medverknad og sterke lovfesta arbeidstakarrettar.

# Kampen mot ulikskap internasjonalt

Ulikskapen i verda veks, både mellom landa og innom landa. Pandemien har auka gapet mellom rike og fattige og gjort det vanskelegare å nå berekraftsmåla i 2030. Millionar av arbeidstakarar har mista jobben. Høla i sosiale tryggingssystem har blitt synleggjorde og forverra. Det har gått hardest utover fattige og allereie marginaliserte arbeidstakarar, særleg kvinner og arbeidstakarar i uformell sektor. Det er behov for ei radikal omfordeling av ressursar og makt for å kjempe mot ulikskap og sikre fred. Skal vi greie dette, må vi stanse aggressiv skatteplanlegging, kapitalflukt, korrupsjon, kvitvasking og skatteunndraging som svekkjer nasjonal moglegheit for å finansiere velferd, helsestell, utdanning og infrastruktur. LO ber norske myndigheiter ta leirolla i arbeidet internasjonalt med å utvikle eit meir rettferdig skattesystem, stans i kapitalflukt og jobbe for globale standardar for skatt, openheit og aktsemdvurderingar. Auken av internasjonal minimumssats for selskapsskatt til 25 prosent og eit offentleg globalt register med informasjon om kven som er dei rettmessige eigarane av selskap, eigedommar og verdipapir, bør stå sentralt i arbeidet.

Det er først og fremst gjennom eit godt organisert arbeidsliv basert på kollektive forhandlingar, dialog og samarbeid at ein kan oppnå økonomisk vekst og sikre rettferdig fordeling. Grunnleggjande faglege rettar er no under aukande press. Streikeretten og forhandlingsretten blir angripne i stadig fleire land. Demokratiet blir også trua frå fleire hald. I 2021 blei fagrørsla nekta registrering i 109 land, og angrep på yringsfridom og forsamlingsfridom blei dokumenterte i 64 land. Fagrørsla er ei breitt samansett rørsle som gjev medlemmene praktisk erfaring med demokratiske prosessar. Organisasjonsbygging kan derfor bidra til å fremje demokratiske prinsipp og institusjonar også elles i samfunnet. For LO er arbeidet med å styrkje grunnleggjande faglege rettar ei hovudprioritering i alt internasjonalt arbeid.

Globalt har kvinner berre 76 prosent av dei lovfesta rettane som menn har. Kvinner møter betydeleg fleire barrierar til deltaking i arbeidslivet. Dei opplever oftare diskriminering, og dei færreste landa har nokon garanti for likelønn. Vi veit at pandemien har ramma kvinner hardare enn menn, og framleis er kvinner underrepresenterte i leiarposisjonar både i samfunnet og i fagrørsla. LO meiner fagrørsla har ei svært viktig rolle å spele i kampen for likestilling mellom kjønna både i samfunnet og i eiga rørsle. Det er grunnleggjande viktig å auke organiseringsgraden hos kvinner, sørgje for at kvinner er godt representerte rundt forhandlingsbordet, og jobbe fram kollektive avtalar og lovverk som fremjar likestilling og sikrar kvinner dei same rettane som menn. Nedstenging og tap av arbeid og inntekt har gjort kvinner meir sårbare for vald, utnytting og seksuell trakassering. Vald mot kvinner og seksuell trakassering er samfunnsproblem som arbeidsgjevarar, fagforeiningar og myndigheiter må ta på høgaste alvor. LO krev at norske myndigheiter blir ein forkjempar for at ILOs konvensjon 190 blir respektert her heime og ratifisert og iverksett i andre land.

40 millionar menneske jobbar under slaveriliknande tilstandar, og 25 millionar menneske er fanga i tvangsarbeid. Norske verksemdar må kartleggje risikoen for, førebyggje og handtere tvangsarbeid og barnarbeid i eigen aktivitet og i leverandørkjedene sine. Den nye openheitslova gjer aktsemdvurderingar lovpålagde, men har også nokre manglar. Utan kjennskap til produksjonsstad vil det verken vere mogleg for fagforeiningar eller andre å etterprøve opplysningane frå selskap. LO ber norske myndigheiter om å ta dette inn i lova.

Samtidig bør fagforeiningar aktivt etterspørje informasjon og bidra til å halde eiga verksemd ansvarleg for brot på menneskerettane i den internasjonale verksemda si.

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane i vår tid. Fagrørsla må vere leiande i arbeidet med rettferdig omstilling internasjonalt. Manglande tillit, samarbeid og dialog mellom partane står i mange land i vegen for omstilling. Den norske arbeidslivsmodellen og velferdsstaten sikrar medverknad, fordeler om på goda og har mange element som kan bidra til å sikre ei rettferdig omstilling. LO ber norske myndigheiter fremje norske erfaringar med tillitsbasert dialog, det norske lønnsdanningssystemet og trepartssamarbeid. Bistandsmidlar, inkludert EØS-midlane, må rettast inn mot rettferdig omstilling i mottakarlanda. Noreg må også jobbe for etableringa av eit globalt fond for å sikre sosiale tryggingnett for dei fattigaste og for at sårbare land blir sikra hjelp til finansiering av helsetenester og sosial tryggleik.

Flyktningsituasjonen er ei humanitær krise. 84 millionar menneske var tvinga til å forlate heimane sine allereie før angrepet på Ukraina. Kvart andre sekund blir eit menneske tvinga til å forlate heimen sin på grunn av konflikt eller forfølgning. LO vil kjempe mot den høgrepopulistiske framstillinga av flyktningar som ein trussel mot jobbane våre og samfunnet vårt. Kontrollert migrasjon bidreg til mangfald og verdi i samfunnet, og flyktningar vil vere viktige for dei framtidige arbeidsmarknadene med ei aldrande europeisk befolkning. Partane i arbeidslivet må involverast i arbeidet med å inkludere flyktningar og migrantar i arbeidslivet. Alle som får innpass i arbeidslivet, må ha dokumentert identitet, og det må leggjast grundig kompetansevurdering til grunn for nykomne flyktningar. LO krev at flyktningar og migrantar blir sikra anstendige lønns- og arbeidsvilkår.

Sosial dialog og samarbeid mellom fagrørsla, arbeidsgjevarar og myndigheiter har vore viktige i utforminga av mange av dei største reformene våre dei siste tiåra og no også i å redusere og handtere dei sosiale og økonomiske konsekvensane av pandemien. Regjeringa må aktivt bidra til å styrkje internasjonal fagrørsle som ledd i ein breiare demokratikamp og kamp mot ulikskap. Samtidig må regjeringa trekkje inn våre erfaringar med trepartssamarbeid i utviklings- og utanrikspolitikk og nyttiggjere seg partane i arbeidslivet i kampen mot ulikskap.

# Ein sterk offentleg sektor i heile landet

Ein sterk offentleg sektor er ein grunnpilar i den norske modellen og har vore avgjerande for at vi i Noreg har skapt eit samfunn med relativt små skilnader. Grunnleggjande velferdstenester og infrastruktur er fellesgode og blir sikra best gjennom offentleg eigarskap og drift, demokratisk styring og godt samspel mellom leiarar og tilsette. Ein solid og god offentleg sektor er i tillegg heilt avgjerande for at privat sektor kan utviklast vidare i åra framover.

## Tillitsreform

Samfunnsoppdraget til offentleg sektor er å sørge for gode tenester for alle innbyggjarane. Vi har ein god offentleg sektor i Noreg, men han kan bli enda betre! Dette vil vi oppnå gjennom ei tillitsreform i heile offentleg sektor.

Målet for ei slik tillitsreform er ein sterkare offentleg sektor i heile landet, der utviklinga skjer i samarbeid og samspel med tilsette og brukarar. Tillit og faglegheit skal liggje i botn. Vi vil styrkje og vidareutvikle trepartssamarbeidet og medråderetten hos dei enkelte verksemdene. Tillitsreforma må resultere i at dei tilsette må få både tid, rom og moglegheit til å delta aktivt i utviklingsarbeidet.

Marknadsløysingar henta frå private bedrifter har altfor lenge blitt brukte som styringsverktøy for offentleg sektor. Mål- og resultatstyring har ført til overdriven vekt på målbare storleikar framfor å sikre samfunnsoppdraget. Sentrale element har vore utskiljing og oppsplitting av verksemdar, å skilje mellom «bestillar» og «utførar», auka konkurranseutsetjing og privatisering og detaljert mål- og resultatstyring. Forsking og erfaring viser at dette har vore ein feilslått politikk, som svekkjer kvaliteten i tenestene, aukar presset på lønns-, pensjons- og arbeidsvilkår og svekkjer medråderetten til dei tilsette. Offentleg sektor skal framleis styrast og kontrollerast, men detaljstyring og individuell målstyring må fjernast. I staden for system som kontrollerer enkelttilsette og produktiviteten deira, blir det ønskt ein kontroll på om samfunnsoppdraget blir løyst på ein god måte.

Det er behov for styringsmodellar baserte på tillit og faglegheit. Kunnskapen og kompetansen dei tilsette har, er den fremste ressursen til offentleg sektor og må takast betre i bruk. Det må vere mogleg for tilsette å yte gode og sikre tenester. I staden for unødvendig måling og kontroll må tilsette få auka tillit til å styre sin eigen arbeidskvardag. Utviklinga av tenestene må heile tiden skje med utgangspunkt i behova til dei innbyggjarane tenestene rettar seg mot. I tillegg til den folkevalde styringa må det leggjast til rette for betre samspel med brukarar, leiarar og tilsette i kvar enkelt verksemd.

Det står i Hurdalsplattforma at «[e]n av regjeringens viktigste prosjekter er en tillitsreform i offentlig sektor». LO er nøgd med at det blir slått fast at reforma handlar om å gje dei tilsette både tid og tillit til å gje brukarane betre tenester. Det er vesentleg at det er tilstrekkeleg med ressursar i offentleg sektor slik at det er rom for å endre og styrkje tenestene.

## **Ein sterk offentleg sektor i heile landet**

Sysselsetjinga i offentleg sektor utgjer om lag 30 prosent av den totale sysselsetjinga i Noreg. Offentleg tilsette leverer viktige tenester til befolkninga. Offentlege arbeidsplassar er spreidde over heile landet for å sørge for eit likeverdig tilbod av tenester for heile befolkninga.

Offentleg og privat sektor er gjensidig avhengige av kvarandre for å fungere. Velferdsstaten sikrar lik rett til utdanning, helse- og andre velferdstenester og legg gjennom det også til rette for at privat sektor skal kunne utvikle seg. Vegar, jernbane, straumnett, flyplassar og breiband er viktig infrastruktur som blir organiserte best gjennom fellesskapsløysingar, og som er avgjerande for næringsutviklinga i heile landet. Offentleg sektor legg til rette for at folk kan kombinere arbeid og omsorgsoppgåver. Dette fremjar likestilling og meir rettferdig fordeling.

Dei tilsette i staten fekk svekte rettar gjennom den nye statstilsettelova som det borgarlege fleirtalet på Stortinget vedtok i 2017. Lovendringane svekte medråderetten i staten og har ført til at statstilsette i dag har eit dårlegare stillingsvern enn tilsette elles i privat og kommunal sektor. Det er behov for å styrkje stillingsvernet og rettane etter lova, irekna høvet til full rettsleg prøving ved oppseiing og avskjed. LO ber regjeringa gjennomgå statstilsettelova og leggje fram eit endringsforslag for Stortinget.

## **Fellesskaps- og velferdstenestene må som hovudregel drivast av det offentlege**

Det er brei oppslutning om ein sterk offentleg sektor i Noreg. Samtidig blir velferdsstaten utfordra av kommersialisering og krefter som ønskjer auka privat profitt frå drift av offentleg finansierte tenester og infrastruktur.

Denne utviklinga har ført til at offentlege midlar som skulle gått til barnehage, skole, barnevern, sjukehus, omsorg og andre offentlege oppgåver, endar opp som privat profitt. Forsking viser at dette skjer på kostnad av lønns-, pensjons- og arbeidsvilkåra til dei tilsette. I barnehagesektoren har vi sett at eigarar realiserer milliardformuer ved å selje dei eigedommane som barnehagane blir drivne i.

LO meiner at offentlege tenester i all hovudsak må drivast i offentleg regi. Også i åra framover vil det likevel vere nødvendig at det offentlege samarbeider med ideelle og ikkje-kommersielle aktørar. Dette gjeld for eksempel innanfor attføring, barnevern, barnehagar og omsorg. Ein føresetnad er at tilbydarane har fast tilsette medarbeidarar med skikkelege lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår.

Barnehagesektoren og barnevernsinstitusjonar er blant dei velferdsområda der kommersielle aktørar har fått sterkast fotfeste. I mange tilfelle blir profitten kanalisert til skatteparadis. LO meiner målet må vere å vri eigarskapen og drifta av barnehagar og barnevernsinstitusjonar til det offentlege, der det kan vere eit visst innslag av ideelle aktørar. For å få til dette må det utviklast ei brei politisk einigheit om politiske løysingar som står seg over tid. Utvalet nedsett i mars 2022 som skal greie ut korleis kommersiell drift kan utfasast i ulike skattefinansierte velferdstenester, er eit første steg på vegen. Vi må sikre at offentlege løyvingar til barnehagar, barnevernsinstitusjonar og andre offentlege velferdstenester blir brukte til å sikre dei gode tenestene og ikkje går til privat profitt.



Det er viktig at medråderettsapparatet blir involvert tidleg nok ved anskaffing av digitale verktøy. I dag opplever mange at systema styrer dei tilsette, det er ikkje tilsette som styrer systema. Dette blir ytterlegare forsterka når systemutviklinga skjer gjennom eksterne konsulentar. Offentleg sektor må ta eigarskap til data og digitale verktøy.

## **Styrk fellesskapet sine sjukehus**

Målet LO har for sjukehuspolitikken, er å sikre alle innbyggjarar nødvendige helsetenester av god kvalitet. Det skal vere helsetilstanden til folk som avgjer kva for eit tilbod ein får, ikkje bakgrunn, økonomi eller bustad.

Høgre- og Frp-regjeringa gjennomførte ei rekkje tiltak som bidrog til å true den felles helsetenesta vår. Fritt behandlingsval, som opnar for eit frislepp av private aktørar finansierte av dei offentlege sjukehusa, nøytral moms og bruk av OPS er nokre eksempel. Ein godkjenningsmodell for fritt brukarval for kommunale helse- og omsorgstenester blei innført i 2021. Vi er tilfredse med at den sitjande regjeringa har sagt at dei vil avvikle denne.

Vi vil styrkje fellesskapet sine sjukehus. Vi vil fjerne ordningane med fritt behandlingsval og nøytral moms. Drift av sjukehusa må som hovudregel skje i eigenregi for å sikre kvalitet og kompetanse. Ved eventuell konkurranseutsetjing må det setjast som vilkår at dette ikkje kan gjennomførast dersom det gjev dei tilsette dårlegare pensjonsordning eller dårlegare lønns- og arbeidsforhold, jf. ILO nr. 94 konvensjon om arbeidsklausuler i offentlige arbeidskontrakter.

Vi vil styrkje den politiske styringa, faglegheita og tilliten til sjukehusa våre. Gjennom å betre den demokratiske forankringa sikrar sjukehuspolitikken vår tenester som kjem fellesskapen til gode.

Det er no 20 år sidan helseføretaksmodellen blei innført. LO er nøgd med at det er sett ned eit utval som skal vurdere erfaringar med helseføretaksmodellen, og som skal gje forslag til endringar i styringa av sjukehusa som sikrar regional, politisk og demokratisk styring.

## **Beredskap er eit offentleg ansvar**

Det er fleire utviklingstrekk i verda som tilseier at det er aukande risiko for kriser. Krig i nærområdet, miljøødeleggingar og koronapandemien viser at det er behov for styrkt beredskap. Det er behov for ein sterk offentleg sektor med kontroll på forsyninga av kritiske ressursar og kontroll over kritisk infrastruktur. Bemanninga som varetek oppgåvene i beredskapen, må styrkjast. Framover må tryggleik og beredskap få større vekt i vurderingar knytte til kva for oppgåver som skal løysast av det offentlege eller av private.

Koronapandemien avdekte fleire svakheiter ved den norske beredskapen. Det viser at det er behov for å prioritere meir ressursar til å både førebyggje og å møte kriser når dei skjer. Samtidig må det leggjast større vekt på øving og styrking av samarbeid både mellom offentlege etatar og mellom offentlege etatar, frivillige og private aktørar. I tillegg må det byggjast sterkare lokalsamfunn med næring, velferd, busetjing og beredskapsressursar over heile landet. For å auke beredskapen på alle nivåa i samfunnet er tillit mellom folk og myndigheiter avgjerande.

Trygging- og beredskapsomsyn tilseier at det norske forsvaret må ha høg sjølvforsyningsgrad når det gjeld produksjon og vedlikehald av forsvarsmateriell, som ein integrert del av Forsvaret sjølv og i form av samarbeidsavtalar med strategisk nasjonal forsvarsindustri.

# Palestina

Situasjonen i dei palestinske områda har forverra seg kraftig dei siste åra. Okkupasjonen og undertrykkinga av palestinarane eskalerer. Dialog og resolusjonar har hatt liten effekt. Blokaden av Gaza, den folkerettsstridige muren og utbygginga av ulovlege busetjingar fører til ei oppsplitting av Palestina og hindrar palestinsk sjølvstyre og sjølvstende. Busetjingane breier seg ut. Dei såkalla fredsforhandlingane er døde. Israel har nyleg (2021) terrorstempla og kriminalisert internasjonalt anerkjende palestinske menneskeretts- og rettsorganisasjonar i eit forsøk på å stoppe dokumentasjon av menneskerettsbrot. Verdsamfunnet står stille når det gjeld undertrykkinga av palestinarane. Tostatsløyninga som blei lagd til grunn blant anna for «Oslo-avtalane» i 1994, har det blitt stadig vanskelegare å sjå for seg korleis ein kan realisere, og fleire rapportar har det siste året dokumentert apartheid i det som i praksis begynner å likne på ei éinstatsløyning. Okkupasjonen og undertrykkinga av palestinarane kan ikkje reknast som berre ein stillestående og fastlåst okkupasjon eller anneksjon, men må sjåast som ei brennande dagsaktuell og eskalerande undertrykking av eit folk. Den tydelege stemma til LO trengst meir enn nokon gong.

LO krev at Israel avsluttar okkupasjonen og annekteringa av palestinsk land og opphevar blokaden av Gaza. LO ber norske myndigheiter om å støtte ei demokratisk tostatsløyning og å anerkjenne Palestina som eigen stat innanfor grensene av 1967. Det blir ingen varig fred med eit framhald av okkupasjon, anneksjon og apartheid. Den norske regjeringa bør aktivt jobbe for reelle fredsforhandlingar mellom Israel og palestinarane, og reelle fredsforhandlingar føreset at både PA og Hamas er inkluderte som partar. LO krev at retten dei palestinske flyktningane har til retur, blir etterlevd i tråd med FN-resolusjonen 194. Den internasjonale straffedomstolen (ICC) har starta etterforskning av krigslovbrot gjorde etter 2014 på Vestbredden, i Aust-Jerusalem og på Gazastripa. Den norske regjeringa må leggje press på den israelske regjeringa om å respektere avgjerda til ICC, og Israel må behandle alle som lever på israelsk jord, som likeverdige med dei same rettane.

LO går mot at Israel har terrorstempla og kriminalisert internasjonalt anerkjende palestinske menneskeretts- og rettsorganisasjonar i eit forsøk på å stoppe dokumentasjon på menneskerettsbrot. Norske myndigheiter må krevje at Israel omgåande fjernar terrorstemplinga og sluttar å nytte truslar og trakassering, inkludert vilkårlig kriminalisering og undertrykking av palestinske organisasjonar.

LO krev at norske myndigheiter og norsk næringsliv styrkjer etterlevinga av folkeretten i konfliktområde, også okkuperte område. Statens pensjonsfond og norske selskap må avstå frå all handel og investeringar i selskap som har eller bidreg til aktivitetar på okkupert område. Oljefondet og andre finansielle institusjonar må etterleve dei rettleiande prinsippa til FN for næringsliv og menneskerettar som fastset eit forhøgt aktsemdkrav i konfliktområde, og trekkje investeringane sine ut frå selskap som bidreg til å halde ved lag busetjingane og er ein del av okkupasjonsøkonomien.

Spørsmål om boikott og effekten av sanksjonar har fått fornya aktualitet med sanksjonane verda har innført mot Russland etter at krigen mot Ukraina starta. Vi må ta med oss lærdommen frå sanksjonane mot apartheidstaten Sør-Afrika i 80- og 90-åra, der vi såg

utfordringar med generelle sanksjonar, men relativ suksess med kombinasjonen av målretta sanksjonar og internt press frå sterke organisasjonar og fagrørsla spesielt. Vi må auke det internasjonale presset mot Israel med ein kombinasjon av strategiske pressmiddel og krav om fredsforhandlingar og dialog.

LO meiner at vi må jobbe for ein vid våpenembargo mot Israel, og at vi i tråd med FN-resolusjon 2334 må innføre eit lovforbod mot handel med varer og tenester frå selskap som medverkar til brot på folkeretten og menneskerettar i okkuperte område. Vi oppfordrar norske myndigheiter til å sikre at resolusjon 2334 frå Tryggingrådet blir følgd opp med målretta tiltak og sanksjonar som svar på Israels brot på internasjonal lov og manglande etterleving av FN-resolusjonar. LO støttar også ein internasjonal boikott av Israel.

Det er viktig at Noreg aktivt jobbar for at personar mistenkte for apartheidbrottsverk blir granska og straffeforfølgde, og at offer for menneskerettsbrot og brotsverk mot menneskeheita må få full erstatning. LO krev at den norske regjeringa fremjar krav om FN-gransking av Israels apartheidbrottsverk, slik at staten Israel blir halden ansvarleg. Den norske regjeringa må ta ei aktiv rolle for å stille Israel økonomisk ansvarleg for dei massive øydeleggingane som har ramma sivile, infrastruktur og offentlege tenester under Gazakrigane. Noreg og norske oljeselskap må, med dei i dag uavklarte og omstridde grensene for sokkel og havområde, ikkje delta i samarbeid med Israel som har som formål å utvinne olje og gass i uavklarte eller omstridde område.

Sist, men ikkje minst, må norske myndigheiter og LO med partnarane våre gjere alt vi kan for å styrkje dei palestinske demokratiske, organiserte kreftene i sivilsamfunnet med sikte på å styrkje demokratiutvikling i det palestinske samfunnet.

# Uttale om Ukraina: Avslutning av krigen – fred og nedrusting

Da Russland invaderte Ukraina den 24. februar 2022, innleidde det starten på ei av dei største humanitære krisene i Europa sidan den andre verdskrigen. Europa står på ny i krig. Over fem millionar flyktningar har førebels blitt ønskte velkomne i andre europeiske land og primært i nabolanda. Det kan komme langt fleire. Talet på intern flukt i Ukraina er betydeleg større. Reportasjane frå Ukraina viser store øydeleggingar, angrep på sivile og undergraving av folkeretten. Internasjonal fagrørsla er splitta i spørsmålet om krigen og den russiske invasjonen. Rammene for utanriks- og tryggingspolitikken vår er endra. Det vil ta lang tid å byggje opp att ein god naborelasjon til Russland etter at krigen er over.

Den brutale angrepskrigen til Russland i Ukraina er eit framhald av ein langvarig konflikt, med gjentekne forsøk på å kvele demokratisk utvikling og vestvending i Ukraina. Kombinert med forsøka frå Putin-regimet på å så splid i europeiske demokrati har det skapt ein bekymringsfull situasjon som kan bidra til å undergrave demokratiet i Europa. Krigen er ei smerteleg påminning om kor skjørt demokratiet er i møte med autoritære krefter, og korleis auka ulikskap og konsentrasjon av makt aukar risikoen for konflikhtar. Vi må mobilisere tungt mot ulikskap og antidemokratiske krefter og krevje at norsk utanrikspolitikk støttar opp om kampen for demokrati, menneskerettar og faglege rettar. Anstendig arbeid og sosial dialog er viktige for konfliktførebygging, og fagrørsla har spelt rolla som meklar og fredsbyggjar mange stader. LO meiner at eit levedyktig demokrati er avhengig av ei brei deltaking frå store, medlemsbaserte organisasjonar. Fagrørsla er ei slik demokratibyggjande kraft som saman med andre frivillige organisasjonar har stor betydning for demokratiet. Å støtte opp under sivilsamfunnet må derfor vere ei sentral oppgåve.

LO fordømmer invasjonen frå Putin-regimet i Ukraina på det sterkaste. Vi krev, som våre internasjonale og europeiske allierte, tilbaketrekking og fredsforhandlingar. Putin-regimet har sett freden, utviklinga og stabiliteten vi har oppnådd dei siste 70 åra i Europa, i fare. Ringverknadene av krigen har samtidig medført store prisaukar på mat og energi som igjen vil auke fattigdom, svolt og ulikskap i heile verda og med det stor fare for sosial uro, polarisering, nye konflikhtar og flyktningstraumar. Finansieringa av kostnadene til dei ukrainske flyktningane i Noreg må ikkje gå ut over forpliktingane og ambisjonane våre når det gjeld fred, internasjonalt samarbeid, rettferdig omstilling og solidaritet overfor land der behova no etter krigen vil auke betydeleg. LO krev at den russiske fagrørsla og andre tek avstand frå invasjonen og jobbar aktivt for dialog og fred.

LO oppfordrar den norske regjeringa og andre til å støtte dei demokratiske kreftene internt i Russland som risikerer livet ved å protestere mot krigen og regimet. Det er også viktig at vi held ved lag kontakten med russisk sivilbefolkning så langt det er mogleg, for etter kvart å kunne gjenoppta også eit meir organisert samarbeid med staten Russland.

Krigen får store ringverknader her heime. Sanksjonane overfor Russland påverkar norske bedrifter, og nordnorske arbeidsplassar står i fare. Vi opplever prisstigning på ei rekkje område. LO er oppteke av at dette ikkje må auke ulikskapen i Noreg. Vi er glade for mobiliseringa frå regjeringa og takkar frivillige som bidreg til å sikre ukrainarane hjelp. LO

oppfordrar alle til å strekkje ut ei støttande hand til russarar og ukrainarar som bur eller oppheld seg i Noreg og ikkje ber ansvar for krigshandlingane til Putin. Ukrainske flyktningar må takast imot med opne armar og samtidig raskt få kompetansevurdering og hjelp ut i arbeid utan at dette undergrev dei sedvanlege krava våre til anstendig arbeid, ryddige forhold og organisert arbeidsliv.

LO støttar eit breitt sanksjonsregime for å leggje press på Putin-regimets Russland og meiner desse primært må siktast inn mot eliten, oligarkane og regimet. Vi må så langt som mogleg unngå å ramme sivilbefolkninga og dei mest sårbare. Berekrafta i sanksjonsregimet er også avhengig av at adressaten på sikt blir hardare ramma enn avsendaren.

Vi må gjennomgå og styrkje det norske forsvaret og tilpasse oss ei ny tryggingsspolitisk omverd. Samtidig må vi jobbe for å oppnå nedrusting og nye nedrustingsavtalar. Noreg har tidlegare stått i spissen for banebrytande initiativ til nedrusting internasjonalt. Der bør ambisjonane framleis liggje. LO ber regjeringa leggje til rette for at vi framleis har eit levande sivilsamfunn som er engasjert i og mobiliserer til nedrusting. Krigen i Ukraina og truslane frå Putin om bruk av atomvåpen er ei påminning om kor farleg det er å leve i ei verd der nokre mektige statar insisterer på at tryggleiken deira må byggjast på evna til masseødelegging. Atomvåpen kan ikkje skape stabilitet. Dei har blitt middel for utpressing og straffefridom, aukar spenningar og hindrar løysingar på konflikter.

LO meiner at Noreg må arbeide aktivt for kjernefysisk nedrusting og reetablere det humanitære initiativet Noreg tok initiativ til for ti år sidan. Noreg bør på NATO-toppmøtet i juni foreslå at atomvåpenstatane i NATO viser veg ved å uttale vilje til å forhandle om kjernefysisk nedrusting. Noreg må foreslå å etablere ikkje-førstebruk som doktrine for å redusere spenning og minske risikoen for at krigen i Ukraina eskalerer til bruk av atomvåpen. LO meiner at Noreg, saman med dei andre nordiske landa, må arbeide for at NATO integrerer FN-traktaten som forbyr atomvåpen, i nedrustingsstrategien til alliansen, og at Noreg underteiknar og ratifiserer traktaten.

Vegen blir lang og bratt fram mot reell fred i Europa igjen etter krigen i Ukraina. Vi må framleis jobbe for fred og deretter, saman med resten av Europa, halde dørene opne for dialog og forsoning basert på klare krav til respekt for folkeretten, demokrati og menneskerettar. Kampene i Ukraina er samtidig ein kamp for demokrati og folkestyre. LO ber regjeringa styrkje kampen mot ulikskap og innsatsen for å verne om demokratiet, organisasjonsretten og ei rettferdig fordeling både i Europa og globalt.



